	2.Reduksjon i administrative kostnader.	Administrative kostnader	12,4m	12,8	400`	↓

Resultat og måloppnåing 2019

HOVUDMÅL 1: Gudstenestelivet blomstrar

Resultatmål 1.1: Vekst i talet på deltakarar pr. gudsteneste

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At kristen tru og liv er relevant og regelmessig blir fremja gjennom gudstenester og kyrkjelege handlingar .
- B) At ein gjennom gudstenestene møter den treeinige Gud gjennom Ord og sakrament og tar del i bøn, vedkjenning, tilbeding og lovsong.
- C) Gudstenesta er hovudsamlinga for kyrkjelyden og skal vere eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap.

Dei viktigaste tiltaka:

- A) God leiing av prestetenesta med gudstenestefokus.
- B) Lokal grunnordning blir godkjent etter gjeldande gudstenesteordningar og samordning av lokale grunnordningar i nærliggande kyrkjer/sokn.
- C) At biskop, prostar, prestar og alle som tar del, framsnakkar gudstenesta som kyrkjelyden sin viktigaste møtearena.
- D) God integrering og medviten tilrettelegging for alle som tek del i gudstenesta
- E) Kultur og musikkuttrykk, misjon, diakoni og undervisning blir inkorporerte i gudstenestefeiringa.
- F) God tverrfagleg planlegging ved gudstenester som er del av trusopplæringsplan.
- G) Skulering og utdanning av vikarar og leke gudstenesteleiarar.

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar: Gudstenestedeltaking tal deltakarar

Tabell: Tal gudstenester og gudstenestedeltaking, sun- og heilagdagar

	Gudstenester på søndag og heilagdag	Prosent endring frå året før	Deltakarar	Prosent endring frå året før	Gjennomsnittlig deltaking	Endring frå året før
Møre 2015	3009	-2,9 %	311 814	-5,1 %	103	-2
Møre 2016	3041	1,1%	307 285	-1,5 %	101	-3
Møre 2017	2981	2%	287 160	-1,1 %	96,3	-4,7
Møre 2018	3096	1%	289 814	0,1 %	93,6	-3
Møre 2019	2902	-0,4%	271 641	-3,6%	93,6	0

Tabell: Gudstenestedeltaking, alle gudstenester

	Gudstenester totalt	Prosent endring frå året før	Deltakarar totalt	Prosent endring frå året før	Gjennomsnittleg deltaking	Endring frå året før
Møre 2015	3668	-4 %	387 923	-4 %	106	0
Møre 2016	3765	2,6%	389 333	0,1 %	103	-3
Møre 2017	3766	0%	372 348	-4,5 %	98,9	-4,1
Møre 2018	3866	2,7%	373 127	0,2%	96,5	-2,4
Møre 2019	3696	0,5%	356 984	-2,5%	96,6	0,1

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Gudstenestefrekvens

Tabell: Gjennomsnittleg gudstenestefrekvens på sun- og helgedagar

Prosti	Tal sokn	Tall gudstenester 2016	Tal gudstenester 2017	Tal gudstenester 2018	Tal gudstenester 2019	Gudstenestefrekvens 2016	Gudstenestefrekvens 2017	Gudstenestefrekvens 2018	Gudstenestefrekvens 2019
Molde domprosti	11	493	476	488	510	70,0%	67,6%	71,6%	71,3%
Søre Sunnmøre	19	618	588	559	566	50,8%	48,4%	47,5%	45,8%
Austre Sunnmøre	10	311	305	307	290	48,6%	47,5%	49,5%	44,6%
Nordre Sunnmøre	13	605	580	585	570	67,5%	69,7%	72,6%	67,4%
Indre Romsdal	15	248	246	244	256	25,9%	25,6%	26,2%	26,2%
Ytre Nordmøre	13	407	418	423	358	48,9%	50,2%	52,4%	42,3%
Indre Nordmøre	15	359	368	359	352	37,4%	34,1%	38,6%	36,1%
Møre totalt	96	3041	2981	2951	2902	48,9%	48,5%	52,0%	46,5%

Gudstenestefrekvensen i Møre var i 2019 på 46,5%, ein reduksjon frå 2018 på 5,5% prosentpoeng. Gudstenestefrekvensen er utrekna slik: Tal gudstenester på søn- og helgedager delt på tal søn- og helgedager delt på tal kyrkjelydar. For 2019 var det rekna 65 søn- og helgedagar inkludert julaftan og nyttårsaftan 62 i 2018 og 64 i 2016 og 2017.

Ressursbruk: Gudstenester er den enkeltfaktor som i prestetenesta har størst ressursinnsats.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga om auka gudstenestedeltaking blir ikkje nådd.

Bakgrunnstala viser at i fleire prosti er det auke i deltakinga, Domprostiet, Søre Sunnmøre, og Indre Romsdal, men det vejer ikkje opp for nedgangen i andre prosti. Vi ser at det i nokre store kyrkjelydar med tradisjonell god gudstenestedeltaking er ein tilbakegang som slår ut i statistikk på bispedømenivå. I kyrkjelydar med vakanse i stilling og bruk av vikar er det tendens til nedgang i gudstenestedeltakinga. Vi ser ein samanheng mellom talet på gudstenester og talet på deltakarar – ein kan ikkje gå på gudstenester som ikkje blir haldne. I enkelte sokn/prosti er låg gudstenestefrekvens slik at ein ikkje blir tilstrekkeleg merksame på når det faktisk er gudsteneste.

Oversikt over storleik på sokn viser noko av bakgrunnen for låg gudstenestefrekvens i delar av bispedømet.

Sokn: Tal medlemmer	Tal sokn
< 500	25
500 - 1000	16
1000 - 2000	26
2000 - 5000	18
5000 - 10000	11
17929	1

Møre bispedøme har 96 sokn. Medlemstalet varierer frå 64 medlemmer til 17900 medlemmer i soknet. 26% av alle sokn har under 500 medlemmer, 40% av alle sokn under 1000 medlemmer.

Møre bispedømeråd tar ikkje aktivt initiativ til å slå saman sokn no. Dette har sin bakgrunn i fleire endringsprosessar som kan kome til å verke inn både lokalt, regionalt og nasjonalt. Om det frå lokale sokn bli tatt initiativ til samanslåing, så er bispedømerådet ein positiv bidragsytar.

Sjølv om totalsummen av deltakarar er redusert, er det mange kyrkjelydar som framleis har god oppslutnad. Desse blir kjenneteikna ved stabile personalressursar.

Eventuell endring av tiltak:

Større samhandling mellom sokn der gudstenestetilbodet er ønska betre enn det er grunnlag for. Gjennomgang av forordningar som gjer at kyrkjelydar med lik storleik har same rammer. Gi høve til lokal omfordeling av gudstenester innanfor talet på forordningar. Innføring av ny lokal grunnordning vil sikre variasjon, og vil og bidra til meir føreseieleg liturgi og skape større attkjenning. Sikre stabilitet i prestetenesta og vurdere fleire gudstenester pr. prest på sun- og helgedagar.

Resultatmål 1.2: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Kyrkjeleg vigsel er relevant
- B) Kyrkja tilbyr kvalitet og gode ordningar om stad og tid som er etterspurd
- C) Opne og tilgjengelege kyrkjer

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Gode og tidlege avklaringar for dei som bestiller vigsel
- B) Arbeidsplanar som sikrar god kyrkjeleg bemanning og som samstundes gir prestar føreseieleg fritid
- C) Lett synleg informasjon

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tal vigslar

Tabell: Tal vigsel Møre bispedøme

Møre	Tal ekteskap	Tal kyrkjeleg vigsel	Del kyrkjeleg vigsel
2017	945	427	45,2%
2018	872	405	46,4%
2019		368	

Ressursbruk:

Vigsel er ei mindre del av prestetenesta.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er ikkje nådd. Prosentdelen kyrkjeleg vigsel har vore stabil frå 2017 til 2018. Det har vore ein nedgang i totaltalet på vigslar. Vi har ikkje totaltal for 2019 enno. Tilbod om Humanetisk vigsel er stabil og kan ikkje forklare nedgangen.

Eventuell endring av tiltak:

Fokus på å vidareføre noverande tiltak.

Resultatmål 1.3 Oppslutninga om kyrkjelege gravferder blir halde oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At kyrkja er synleg og relevant samfunnsaktør
- B) At kyrkja møter pårørande med respekt og vørdnad

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Ha fokus på sørgesamtalen
- B) Vere trygge liturgar og vegleiarar i gjennomføring av gravferdshandlinga
- C) Tale sant om livet og om trua
- D) Gi god opplæring til vikarar

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tal kyrkjeleg gravferd

Tabell: Tal gravferder

Møre	Tal døde i befolkninga	Tal kyrkjeleg gravferd	Del kyrkjeleg gravferd
2017	2 248	2 117	94,2%
2018	2 243	2 106	93,9%
2019	2 290	2 175	95 %

Talet på gravferder er stabilt, og aukar litt frå året før. Delen som vel kyrkjeleg gravferd stabilt høg og aukar også. Fleire som ikkje er medlemmer har kyrkjeleg gravferd. Av dei 2290 som døydde i 2019 var 2049 medlemmer av Den norske kyrkja. Det er 126 (5,6%) fleire kyrkjelege gravferder enn tal døde kyrkjemedlemmer. I 2019 var det 13 gravferder i regi av Human-etisk forbund i Møre og Romsdal.

Ressursbruk:

Utanom gudstenester er gravferd den delen av prestetenesta som tar mest ressursar.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er nådd.

Tradisjonelt er det høg oppslutning om kyrkjeleg gravferd i Møre. Vi vurderer at dei tiltaka vi gjer som kyrkje langt på veg kjem behov i møte. Vi er oppmerksame på at gravferdsbyrå i aukande grad er på tilbodssida med eigne tilpassa gravferdstilbod. Vi kan registrere ønsket om sterkare individuelt særpreg i gravferda.

Eventuell endring av tiltak:

Halde fokus på tiltak som blir gjort no, men ikkje ta den høge oppslutninga som ei sjølvfølge

Resultatmål 1.4 Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At samisk språk blir tatt i bruk

Dei viktigaste tiltaka:

- A) At kyrkjelydar blir merksame på samisktalande i sitt nærrområde
- B) At kyrkjelydar inkluderer samisk språk og kultur
- C) At sentrale kyrkjelege aktørar går framfor som gode eksempel

Måloppnåing vist ved resultatindikator:

Tal kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i gudstenesta

Tabell: Samisk innslag og samisk språk

<i>Bispedøme</i>	Tal sokn som har hatt gudstenester med samisk innslag	Tal gudstenester med samisk innslag	Tal sokn som har innarbeidd samisk språk i ordning for gudstenesta	Tal sokn som har innarbeidd samisk språk i lokal trusopplæringsplan	Tal sokn
Møre 2018	1	1	0	0	96
Møre 2019	3	3	0	0	96
Nasjonalt 2018	174	3 304	120	61	1 197
Nasjonalt 2019	192	3450	141	73	1193

Vurdering av måloppnåing:

Møre bispedøme når ikkje målsettingane. Dette er dels fordi det samiske har lita utbreiing i Møre og Romsdal, dels fordi det er lite merksemd i høve til enkeltmenneske med samisk bakgrunn. Tal sokn som har hatt innslag av samisk er auka til 3, som kan gi von om ei endring i haldning.

Eventuell endring av tiltak:

Ha fokus på samisk språk og kultur i faglege samlingar, som grunnlag for å innarbeide dette lokalt eller i prostiet.

HOVUDMÅL 2: Fleire søker dåp og trusopplæring**Resultatmål 2.1 Oppslutninga om dåp blir halde oppe**Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At foreldre vel å døype borna sine
- B) Kvalitet og kvantitet i lokal trusopplæring
- C) Invitere og legge til rette for dåp
- D) Medarbeidarar med kompetanse

Dei viktigaste tiltaka:

- A) «Prosjekt dåp» som del av dåpssatsinga i Møre bispedøme
 - Motivere tilsett og kyrkjelydar til å fokusere på dåp og arbeide for fleire arenaer for dåp
 - Fokus på dåp, trusprakis og kommunikasjon i heim og kyrkje
 - Utvikle verktøykasse til bruk for kyrkjelydane
- B) Fokus på dåp i stiftsdagar, fagsamlingar og visitasar.
- C) Dåp som integrert del av trusopplæringa

Måloppnåing ved nøkkelindikator:

Tal døypte barn

Tabell: Utviklinga i talet på døypte:

Møre	Døypte	Dåpshandlingar	Døypte i eige bustadsokn	Døypte i anna bustadsokn
2016	1 892	2 069	1 330	739
2017	1 925	2 086	1 347	739
2018	1 755	1 878	1 176	702
2019	1 692	1 828	1 170	658

«Døypte» viser til tal med adresse i Møre som vart døypte i dei respektive åra – uavhengig av bustadsadresse i Noreg. «Dåpshandlingar» viser til kor mange dåp som er gjennomført i Møre – uavhengig av bustadsadresse.

Vurdering av måloppnåing:

Talet på døypte barn går ned og slik sett er målsettinga ikkje nådd.

Vi meiner dette bør nyanserast ved å samanlikne fleire faktorar, først andelen døypte av antal fødde.

Tabell: Døypte av del fødde pr. prosti 2017 - 2019

	Døypte 2017	Dåpskull/fødde 2017	Del av dåpsk. 2017	Døypte 2018	Dåpskull/fødde 2018	Del av dåpsk. 2018	Døypte 2019	Dåpskull/fødde 2019	Del av dåpsk. 2019
Molde domp.	308	454	67,8%	224	274	81,8%	277	475	58,3%
Søre Sunnm	349	519	67,2%	330	482	68,5%	403	518	77,8%
Nordre Sunnm	439	866	50,7%	549	846	64,9%	478	756	63,2%
Austre Sunnm	155	188	82,4%	113	206	54,9%	103	190	54,2%
Indre Romsd	150	174	86,2%	123	145	84,8%	122	153	79,7%
Ytre Nordm	326	313	96%	206	304	67,8%	150	299	50,2%
Indre Nordm	205	223	91,9%	142	184	77,2%	159	165	96,4%
Sum Møre	1932	2737	70,6%	1687	2621	64,4%	1692	2556	66,2%

Vi ser vidare på utviklinga i del medlemmar som vel å døype

Tabell: Utvikling del døypte av tilhøyrande siste 10 år

	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	6 år	7 år	8 år	9 år	10 år
Møre 2018	86,4 %	86,0 %	87,7 %	89,6 %	89,2 %	89,0 %	90,6 %	92,5 %	94,1 %	91,8 %
Møre 2019	87,3 %	86,4 %	86 %	87,7 %	89,6 %	89,2 %	89 %	90,6 %	92,5 %	94,1 %

Tabell: Dåpsdelar prostinivå 2017 – 2019 (del medlemmer som vel å døype)

Prosti	MT 2017	M 2017	dåpsdel 2017	MT 2018	M 2018	dåpsdel 2018	MT 2019	M 2019	Dåpsdel 2019
Molde dompr	353	291	82,4 %	298	247	82,9 %	351	301	85,8%
Søre Sunnmøre	369	329	89,2 %	406	372	91,6 %	395	358	90,6%
Austre Sunnm	158	144	91,1 %	141	121	85,8 %	142	129	90,8%
Nordre Sunnm	681	567	83,3 %	680	572	84,1 %	602	525	87,2%
Indre Romsdal	145	125	86,2 %	143	125	87,4 %	122	107	87,7%
Ytre Nordmøre	271	232	85,6 %	264	225	85,2 %	230	176	76,5%
Indre Nordmøre	170	151	88,8 %	188	169	89,9 %	148	142	95,9%
Sum Møre	2147	1839	85,7	2120	1831	86,4	1990	1738	87,3%

Lågare fødselstal er ei del av forklaringa på lågare tal dåp. Andelen døypte av fødde er den høgste av alle bispedøma – 66,2%. Det er ein høgare dåpsdel i landprostitia enn i byprostitia. Andelen døypte av tal fødde er svært høg i Indre Nordmøre til tross for utfordringar.

Vi ser at andelen medlemmer som vel å døype går opp til 87,3% i Møre. Frå 2018 til 2019 er det ei auke i Molde, Søre Sunnmøre, Austre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre og Indre Nordmøre. Stabilt i Indre Romsdal og nedgang i Ytre Nordmøre.

Fleire kyrkjelydar følger opp dåpsprosjektet. Nokre gjer særskilte tiltak for å gjere terskel til dåp lågare – både økonomisk og praksis. Døme er å låne ut dåpskjolar eller arrangere drop-in-dåp. I Søre Sunnmøre har heile prostiet gått saman om å ha fokus på dåp – som involverer ei rekke tilsette og frivillige i ulike tenestegrupper.

Vi ser at andelen som vel å døype gjekk ned i ein periode dei siste 10 åra, men frå 2017 kan det verke som at trenden har snudd. Vi trur det har samanheng med auka fokus og systematisk arbeid i høve til dåpsprosjektet.

Vi ønskjer å sjå på om det er ein samanheng mellom talet på gudstenester, gudstenester med dåp og tal dåp. Gir auka tilbod auka etterspurnad, eller har folk som ønskjer dåp vanskar med å få tilbod om dåp? Vi har sett opp desse tabellane for 2018 og 2019:

Tabell: Gudstenester og dåpshandlingar 2018

Prosti	Gudst. s/h	Tal dåpsguds-tenester	Tal dåps-handlingar	Tal dåps-handlingar pr. dåps-gudsteneste	Prosent tal dåpsguds-tenester	Dåpsdel 2018
Molde domp	488	136	229	1,6	27,9	82,9 %
Søre Sunnmøre	559	213	351	1,6	40	91,6 %
Austre Sunnm	307	100	144	1,1	32,6	85,8 %
Nordre Sunnm	585	258	548	2,1	44,1	84,1 %
Indre Romsdal	244	75	150	1,6	30,7	87,4 %
Ytre Nordmøre	423	136	226	1,5	27,6	85,2 %
Indre Nordmøre	359	126	162	1,1	35,1	89,9 %
Sum Møre	2965	1044	1810	1,6	34,3	86,4%

Tabell: Gudstenester og dåpshandlingar 2019

Prosti	Gudst. s/h	Tal dåpsguds-tenester	Tal dåps-handlingar	Tal dåps-handlingar pr. dåps-gudsteneste	Prosent tal dåpsguds-tenester	Dåpsdel 2019
Molde domp	510	164	306	1,9	32,2	85,8%
Søre Sunnmøre	566	243	424	1,7	43	90,6%
Austre Sunnm	290	95	139	1,5	32,8	90,8%
Nordre Sunnm	570	209	480	2,4	36,7	87,2%
Indre Romsdal	256	82	148	1,8	32	87,7%
Ytre Nordmøre	358	141	162	1,1	39,4	76,5%
Indre Nordmøre	352	142	169	1,2	40,3	95,9%
Sum	2902	1076	1828	1,7	37,1	87,3%

I snitt er det dåp i 37,1 % av alle gudstenester på sun- og helgedager. I dei 1076 gudsteneste i 2019 er det til saman 105.726 deltakarar eller i snitt 98 deltakarar pr. dåpsgudsteneste. Delen

dåpsgudstenester går opp frå 2018. Det kan verke som at sokna og dei tilsette klarer å tilpasse seg endra behov. Dette er ei føresetnad for framleis høg dåpsprosent. Det kan vere ei utfordring for sokn med låg gudstenestefrekvens, men samstundes er det i desse sokna vi ofte ser at det er 100% dåpsdel.

Vi ser aukande tendens til at det skjer dåp i organisasjonar med tilknytning til Den norske kyrkja. Ofte er dette kyrkjelydsliknande fellesskap der nokon vel å ikkje vere medlem av Dnk, men der andre vel å oppretthalde medlemskapen. Dåp i desse fellesskapa blir ikkje registrert med mindre foreldre eller organisasjonen melder frå til det lokale sokn – noko det er liten praksis for. Dette er del av årsaka til endringar i Nordre Sunnmøre og Molde domprosti.

Ressursbruk:

Ressursar blir nytta frå kyrkjelyden lokalt, gjennom presteteneste og tilskot trusopplæring og tilskot til kateketstillingar. Den totale ressursbruk er difor usikker.

Eventuell endring av tiltak:

«Dåp» er fokusområde i Møre bispedøme i 2020. I Møre vil vi vidareføre det som er utvikla gjennom «Prosjekt Dåp». Vi vil framleis bruke det utvikla dåpsheftet og understøtte lokale tiltak og dåpskampanjar. I 2020 vil det i kvart prosti bli gjennomført drop-in dåp. Vi kan ikkje sjå at manglande melding om fødsel har slått negativt ut enno, men må vere merksame på framtidige utfordringar.

Resultatmål 2.2 Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Aktiv bruk av trusopplæringsplanar
- B) Kvalitet og kvantitet i lokal trusopplæring

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Tverrfagleg samarbeid i stab
- B) Tydeleg ansvarsdeling
- C) Kunnskap om nettressursar
- D) God rettleiing og rådgeving

Måloppnåing ved resultatindikatorar: Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak

Tabell: Deltakarar og deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak

Møre	2019			2018			2017		
	Døypte i målgruppa	Del-takar	Pro-sent	Døypte i målgruppa	Del-takar	Pro-sent	Døypte i målgruppa	Del-takar	Pro-sent
Dåpssamt.	1631	1448	89%	1651	1653	100	1899	1828	96%
4-års-bok	2015	1075	53%	2064	1106	54%	2122	1233	58%
Breidde-tiltak retta mot 6 år	2008	841	42%	2337	858	37%	2705	995	37%
Tårn-agent-helg	2213	727	33%	2265	726	32%	2307	806	35%
Lys Vaken	2342	659	28%	2234	679	30%	2369	832	35%
Konfirmasjon	2688	2442	91%	2619	2370	90%	2671	2597	97%
Etter Konfirmasjon	1141	137	12%	827	211	26%	3628	303	8%
TOTALT	14038	7329	52%	13997	7603	54%	17701	8594	49%

Ressursbruk:

Møre bispedøme har ein tilsett undervisningsrådgjevar. I tillegg blir det gitt tilskot til alle kyrkjelydar i samband med trusopplæring, jfr Del 6.

Vurdering av måloppnåing:

Vi vurderer at målsetting om stabil oppslutning om trusopplæringstiltaka er nådd. Total oppslutning går ned 2%-poeng frå 2018, men opp 3%-poeng frå 2017. Dei største endringane er i breiddetiltak for 6-åringar. Elles er det høg deltaking i konfirmasjon og dåpssamtalar. Det kan sjå ut som at det er ei viss slitasje i aktivitetar som Tårn-agent og Lys vaken. Undervisningsrådgjevar har årlege dialogmøter som omfattar heile staben i høve til trusopplæringsplanen. Vi trur dette er viktig grunnlag for måloppnåing og for å forstå og bidra til lokal gjennomføring.

Av bakgrunnstala ser vi at tal timar med gjennomførte trusopplæringstimar går ned.

Eventuell endring av tiltak

- A) Det er gjort avtale med utdanningsinstitusjonar om etterutdanning av kyrkjelydspedagogar. Det står igjen å motivere og legge til rette for deltaking i tilbodet.
- B) Sjå på strukturelle hindringar for gjennomføring av trusopplæringsplanane.
- C) Vurdere kontinuerlege tiltak i høve til nye tiltak.

Resultatmål 2.3: Oppslutninga om konfirmasjon blir halde oppeDei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At konfirmasjonstida er relevant for konfirmantane.
- B) Kommunikasjon og formidling av tilbodet som gir lyst til å vere konfirmant.

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Inspirere, informere og ta i bruk kursopplegg for konfirmasjonssatsing.
- B) Stimulere til utarbeiding og bruk av lokalt forankra informasjonsmateriell.
- C) Kunnskap om og tilgang til rettressursar.
- D) Krav om at kyrkjelydar med kateket i stilling som får tilskot har utarbeida undervisningsplan.

Måloppnåing ved resultatindikator: Konfirmerte av døypte 15-åringar

	2109			2018			2017			2016		
	Med- lemer	Konfir- merte	del	Med- lemer	Konfir- merte	del	Med- lemer	Konfi- rmerte	del	Med- lemer	Konfir- merte	del
Møre	2765	2528	91,4%	2 697	2 469	91,5 %	2 667	2 484	93,1 %	2 844	2 670	93,9 %

Ressursbruk:

Konfirmasjon blir for ein stor del gjennomført av prestar. Det blir gitt tilskot til 10 kateketstillinger i Møre. I dei kyrkjelydane desse gjer teneste blir konfirmasjonsundervisning gjennomført av kateket i samvirke med prest. I mange kyrkjelydar blir fleire faggrupper involvert i arbeidet. Undervisningsrådgjevar gir råd og vegleiing. Den totale ressursbruken er ikkje berekna.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er nådd. Andelen konfirmantar i Møre er blant dei høgste i landet. Humanetisk konfirmasjon vart gjennomført for 428 personar i Møre og Romsdal i 2019 . I tillegg blir det i aukande grad gjennomført konfirmasjon i organisasjonane som ikkje blir registrert i statistikk.

Det vart gjennomført 205 gudstenester i samband med konfirmasjon i 2019. 59.866 tok del i desse gudstenestene. Det gir eit snitt på 292 deltakarar pr gudsteneste.

Eventuelt endring av tiltak

God dialog med dei kristne organisasjonane som driv med ungdomsarbeid i lokalområdet og vere open for samarbeid.

HOVUDMÅL 3: Kunst og kulturuttrykk som ein del av kyrkjelivet**Resultatmål 3.1 Vekst i tal deltakarar på konsertar og kulturarrangement.**Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Kompetanse i kyrkjelydane til å arbeide med kunst og kultur i kyrkjene
- B) Vidareutvikle nettverk med profesjonelle kunstnarar og kulturinstitusjonar
- C) Forvalte og fornye salmeskatten og trus- og kulturarven

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Arrangere kompetansehevande kurs og fagsamlingar
- B) Samarbeide med Nynorsk kultursentrum om markering av første salmebok på nynorsk i samband med Bokåret 2019
- C) Markere Bibelen i samband med Bokåret 2019
- D) Stimulere arbeidet med pilegrimsmotivet. Vidareutvikle Kystpilegrimsleia og Valldalsleden
- E) Arbeide med rådgjeving og finansiering av kulturproduksjonar i kyrkjelydane

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar:

Tal deltakarar på konsertar/kulturarrangement i kyrkjene.

Det er arrangert i alt 728 konsertar og kulturarrangement i 2019, ein auke frå 2018 på 5,4%. Tal på deltakarar var totalt 98 928, ein svak nedgang frå 2018.

Tabell: Konsertar og andre kulturarrangement

	Konsertar				Andre kulturarrangement			
	I regi av kyrkjelyden		I regi av andre		I regi av kyrkjelyden		I regi av andre	
	Tal	Del-takarar	Tal	Del-takarar	Tal	Del-takarar	Tal	Del-takarar
Møre 2018	344	42 115	261	49 978	77	5 548	20	1 744
Møre 2019	364	42 244	276	48 984	69	5 725	19	1 975

Tabell: Konsertar og andre kulturarrangement – deltakarar og endring i prosent

	Totalt tal konsertar og kulturarrangement		Deltakarar konsertar og kulturarrangement		Prosent endring 2018-2019	
	2018	2019	2018	2019	- i tal konsertar/ kulturarr.	- i tal deltakarar
Møre	691	728	99 287	98 928	5,4 %	-0,4 %
Totalsum	13 609	14 235	1 786 818	1 717 603	4,6%	-3,9 %

Ressursbruk:

Frå bispedømmerådet blir det i hovudsak brukt éi stilling som rådgjevar.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er delvis nådd.

Talet på konsertar og kulturarrangement for 2019 viser at det blir utført svært mykje godt kulturarbeid ute i kyrkjelydane. Talet på konsertar både i regi av kyrkjelyden og i regi av andre har auka i 2019, utan at det har ført til fleire deltakarar. Møre bispedøme har i fleire år hatt ei god utvikling innanfor kultur og kyrkjemusikk. Det skal difor ein del til for at auken i besøkstala skal halde fram på same måten. Statistikken syner at dei gjennomsnittlege besøkstala for arrangement i eigen regi ligg vesentleg lågare enn for arrangementa i regi av andre; 111 i arrangement i eigen regi mot 173 ved arrangement i regi av andre. Det kan tyde på at mange kyrkjelydar er gode på tilrettelegging og arrangering av eigne konsertar og kulturarrangement, men at det er meir mangelfullt når det gjeld marknadsføring. Inntrykket er at eksterne aktørar ofte har større ressursar i form av økonomi, tid og kompetanse når det kjem til meir målstyrt annonsering. Dette er tillegg til at dei ofte kjem med kjende artistar som har eit større publikumspotensiale.

Ein suksessfaktor for det kyrkjelege kulturlivet i bispedømet er å invitere til samarbeid og felles prosjekt mellom kyrkja og kulturlivet elles. Dette skjer både i dei lokale kyrkjelydane og på bispedømeplan.

Eventuell endring av tiltak:

Det er eit tydeleg mål å skape meir kyrkjemusikk i gudstenesta og i konsertar, og arbeide for eit aktivt og robust korarbeid. Det må arbeidast for å finne gode strukturar for kunnskapsdeling, både mellom kyrkjelege aktørar på feltet og mellom kyrkja og kunstnarar og kulturinstitusjonar. Det er også nødvendig å rekruttere til kyrkjemusikkstillingane.

Resultatmål 3.2 Fleire opne kyrkjer**Dei viktigaste suksessfaktorane:**

- A) Kyrkjebygg blir bevart og utvikla som identitetsbygg og annleisrom

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Arrangere kompetansehevande tiltak
 B) Tett dialog med kyrkjelege fellestråd
 C) Utvikling av nøkkelstadene for kystpilegrimsleia

Måloppnåing ved nøkkelindikator :

Tal opne kyrkjer

Tabell: Opne kyrkjer

	Tal sokn med open kyrkje 2018	Totalt tal dagar med open kyrkje 2018	Tal sokn med open kyrkje 2019	Totalt tal dagar med open kyrkje 2019	Sokn 2019
Møre	27	2012	39	2056	96

Tabell: Veg/pilegrimskyrkje

	Tal sokn med veg/pilegrims-kyrkje 2018	Totalt tal dagar med veg/pilegrims kyrkje 2018	Tall sokn med veg/pilegrims kyrkje 2019	Totalt tal dagar med veg/pilegrims kyrkje 2019	Sokn 2019
Møre	12	515	11	419	96

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er nådd.

I Møre har tal sokn med open kyrkje auka frå 28% i 2018 til 41 % i 2019. Tal dagar er auka med 44 i høve til 2018. I snitt hadde kvart sokn 74,5 dagar open kyrkje i 2018, mot 52,7 dagar i 2019. Det kan tyde på at fleire sokn har open kyrkje, men at dei sokna som har kome til har eit fåtal dagar ope. Ved ulukker og kriser ser ein at kyrkjene blir opna og har ein viktig funksjon. *KM 11/18 Rapport og veivalg for Den norske kirkes kunst- og kultursatsing*, uttrykkjer følgjande målformulering: «Kyrkjemøtet ser at opne og tilgjengelege kyrkjerom er viktig både for lokalsamfunnet og menneske på reise».

75 sokn hadde 88 gudstenester i høve Allehelgens-sundag med til saman 6669 deltakarar, i snitt 76 deltakarar. Mange kyrkjelydar har tradisjon for open kyrkje i samband med denne dagen.

Det er eit fåtal av sokna som har opne vegkyrkjer. Det er eit potensiale ved at fleire kyrkjer i Møre ligg i samband med Najonale turistvegar. Vi ser at talet på opne dagar med veg og pilegrimskyrkjer går ned i 2019 i høve til 2018. Vi antar at det har si årsak i at det i 2018 var ei rekke arrangement i samband med opninga av Kystpilegrimsleia og at 2019 er byrjinga på ei driftsfase.

Eventuell endring av tiltak

I arbeidet med å vidareutvikle pilegrimsledene i bispedømmet, er tilgang til opne kyrkjer ei av dei store utfordringane der ein diskuterer ulike løysingar. Dette arbeidet må vidareførast. Det er også planar om ein fagdag i bispedømmet med fokus på opne kyrkjer.

HOVUDMÅL 4: Kyrkja engasjerer seg i samfunnet

Resultatmål 4.1 Fleire kyrkjelydar med diakonal betening

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Vise omsorg for nesten
- B) Møteplassar med låg terskel til fellesskap og sjelesorg
- C) Vern om skaparverket og kamp for rettferd og menneskeverd.

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Fordeling av tildeling av nye midlar/tilskot frå kyrkja sentralt
- B) Kontaktarbeid mot kyrkjelydar, prostar og kyrkjevevjer, og ev. sokneråd
- C) Kontaktarbeid inn mot kommunane
- D) Leggje til rette for auka diakonal kompetanse, både til tilsette og frivillige
- E) Oppmuntre til kartlegging og samskaping med kommunale instansar for å kome behov i møte
- F) Mogelegheit for å søke midlar til kompetanseheving

Måloppnåing vist ved resultatindikator:

Del kyrkjelydar med diakonal betening.

I 2019 var det 49 kyrkjelydar med diakonal betening mot 44 i 2018. Dette er ei auke frå 46% av kyrkjelydane i 2018 til 51% av kyrkjelydane i 2019

Ressursbruk: Møre bispedøme gjev tilskot til inntil 50% av 17 heile stillingar. I 2019 var det tilsett 19 diakonar i kyrkjelydar i Møre. I 2019 var det diakonirådsgjevar i 30% stilling i eit vikariat ved bispedømekontoret.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er nådd

Nye tilskotsmidlar til diakoni har bidrege til auke i diakonal betening. Vi ser at auka tal på diakonar generer meir frivillig medverknad, slik at det totalt blir fleire menneske i og utanfor kyrkjelydane som blir møtte. Det kan synast som om det er enklare å rekruttere nye diakonar der det er stor diakon-tettleik frå før.

Stramme rammer i lokal kommune- og kyrkjeøkonomi gjer at det tar tid å etablere nye stillingar.

Eventuell endring av tiltak:

- A) Gjennomgang av korleis tilskot og diakoniressursar blir fordelt i Møre bispedøme.
- B) Vurdere oppretting av diakonstilling som ein prostiressurs
- C) Tydeleggjere rammer for diakonale funksjonar i møte med presteneste.

Resultatmål 4.2 Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At innflyttarar og asylsøklarar blir møtt og blir del av eit lokalsamfunn
- B) Arenaer for fellesskap

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Fellesskap og arenaer som ”Middag på tvers”, Internasjonal kafe og Språkkafe.
- B) Tolketeneste i gudstenesta.

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tal kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid.

I 2019 hadde 20 kyrkjelydar tilbod retta mot dei som er nye i Noreg.

Vurdering av måloppnåing:

Det statistiske materialet i seg sjølv gir ikkje grunnlag for å vurdere måloppnåinga.

Eventuell endring av tiltak:

I tida som ligg framfor oss må det bli eit mål i seg sjølv å kartlegge og skildre nærare kva dei ulike tilboda går ut på.

Resultatmål 4.3 Arbeidet med religionsdialog blir styrkaDei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Kompetanse i høve til religionsdialog
- B) Arenaer for religionsdialog
- C) Ansvar og ressursar

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Sette religionsdialog på dagsorden
- B) Kriterium ved organisering og nyttilsetting på bispedømekontoret

Måloppnåing ved nøkkelindikator: tal fora for religionsdialog

Det er ikkje etablert fora for religionsdialog i regi av Møre bispedømeråd.

Vi er ikkje kjent med at det er etablert fora på prosti- eller kyrkjelydsnivå i Møre bispedøme.

Ressursbruk:

Det er ikkje brukt ressursar innanfor dette målområdet

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er ikkje nådd.

Arbeidet med å styrke religionsdialog har vore i fokus ved organisering og nyttilsetting. Det har vore ei utfordring å prioritere ressursar når arbeidet må skje innanfor eksisterande ramme.

Eventuell endring av tiltak

Tydeleggjere mål og planar.

Resultatmål 4.4 Kyrkja sitt digitale nærvær blir aukaDei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Leiinga tar aktivt informasjonsansvar for den digitale satsinga
- B. Relevante og fleksible digitale plattformer
- C. Kommunikasjonskompetanse og publiseringskompetanse
- D. Tilstreккеlege ressursar til å møte ambisjonane


Dei viktigaste tiltaka:

- Fleire nyheitssaker på nettsider, på Kyrkjebakken og på sosiale media.
- Aktuelle og informative nettsider som skaper interesse og engasjement
- Intranettet Kyrkjebakken som relevant fagleg informasjonsbase og samhandlingsarena
- Styrkt digital kompetanse gjennom samhandling og kompetanseheving

Måloppnåing ved nøkkelindikator:


Tal på SoME-kanalar, tal følgjarar pr. kanal og postar pr. veke pr. kanal:

Tal treff på heimesidene aukar: 7834 i 2017, 8173 i 2018 – og **11 190** i 2019. (44 214 sidevisningar). Statistikken viser jamt besøk gjennom året, med ein topp kring kyrkjevalet 12. september, med 1271 sidevisningar for eitt døger. www.kyrkja.no/more




Statistikken viser at det er nær dobbelt så mange kvinner som menn som besøker nettsidene til Møre bispedøme. Meir enn halvparten finn nettsidene gjennom å søke (google), og nær 10 prosent kjem til nettsidene via oppslag på Facebook på mobil. Kvar fjerde besøkande er ny, og dei aller fleste besøkande er frå 25 år og eldre. Berre om lag 5% av dei besøkande er unge under 24 år.

Nye vs gamle besøkande



Alder



Møre bispedøme nyttar Facebook som So-Me-kanal. Talet på følgjarar pr. 20.02.20 er **260**, ein auke på 50 frå året før. www.facebook.com/morebdr

Ressursbruk:

Det er nytta ein stillingsressurs på samla ca. 30% stilling til vedlikehald og oppdatering av nettsider og Kyrkjebakken.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er til ein viss grad oppnådd.

Talet treff på nettsidene aukar. Publiseringsplattformen er tenleg og den digitale kompetansen blir halden ved like. Det er framleis stort potensiale for å auke talet på besøk og følgjarar på nettsider og sosiale medium. Dette fordrar auka merksemd og auka ressursbruk på området. Større samvirke mellom nettsider og sosiale medium, slik som Facebook, kan gje synergi. Det er

Eventuell endring av tiltak

«Kyrkje på nett» er fokusområde for Møre bispedøme i 2020. Det blir gjort endring i organisering av fagområdet. Det er aktuelt å fastsette strategi for nærvær i sosiale media.

Resultatmål 4.5 Kyrkja er synleg på fleire arenaer i det offentlege rom

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Samfunnsrolle og offentlig deltaking som viktig dimensjon i planar og tiltak.
- B) Samhandling med dei lokale kyrkjelydane
- C) Aktiv, open og transparent dialog med media og andre samfunnsaktørar

Dei viktigaste tiltaka:


- A) Initiere og delta på regionale og lokale arrangement
- B) Samhandling med dei lokale kyrkjelydane om tiltak og arrangement.
- C) Kontakt med media
- D) Strategisk bruk av kommunikasjons- og profileringsmateriell

Måloppnåing ved nøkkelindikator:


Tall artikkeltreff på Dnk i radio, TV, print, nettaviser. Tal frukostseminar/anna

Tal frå Infomedia viser at tema knytte til Møre bispedøme var omtala i 3254 medieartiklar i 2019. Dei dominerande mediekanalane er trykte avisartiklar og nettartiklar. 70% av kjeldedekninga er lokal. Dei største kjeldene er dei regionale storavisene og NRK. Men også lokalavisene har hyppige omtalar.

| Mediekanal (topp 3):



| Kildedekning (topp 4):



Ressursbruk:

Det er ikkje definert prosentvis stillingsressurs til samfunnskontakt og strategiske mediearbeid. Satsingsområdet inngår i arbeidsfeltet til fleire stillingar.

Vurdering av måloppnåing:

Møre bispedøme har i 2019 vore ein tydeleg aktør og medspelar på ei rekkje arenaer i det offentlege rom. Ikkje minst på kulturfeltet og innanfor barne- og ungdomssatsing har dette sett fotavtrykk. Møre biskop er ein aktiv og sentral aktør på fleire samfunnsområde.

Mykje av aktiviteten blir spegla av i mediaomtale. Media i Møre har ei jamn interesse for og god dekning av verksemda i bispedømet; ikkje minst når det gjeld det lokale kyrkjelege arbeidet. Samanlikna med andre bispedøme har Møre bispedøme relativt sett samsvarande tal på nyheitsdekning. Det kan vere potensiale for å auke talet på omtalar gjennom mediestrategisk satsing.

Eventuell endring av tiltak

Utvikle kommunikasjonsstrategi for Møre bispedøme.

Resultatmål 4.6 Samarbeidet kyrkje/skule blir styrktDei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At skule og barnehage møter kyrkja som del av lokalsamfunnet
- B) Kyrkja trygg på eigen ståstad

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Tema i visitasar
- B) God vegleiing når debatt om skulegudstenester

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tal barnehage- og skulegudstenester**Tabell: Tal barnehage- og skulegudstenester**

	Gudstenester for barnehagebarn	Deltakarar	Gudstenester for skuleelevar	Deltakarar
Møre 2018	90	7593	185	35027
Møre 2019	84	5995	185	34579

Ressursbruk:

Gudstenester for skular og barnehagar involverer ei rekke tilsette. Vi har ikkje oversyn for ressursbruk på dette målområdet.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er delvis nådd ved at gudstenestetallet for skuleelevar er uendra, men ein nedgang på 6 gudstenester for barnehagebarn. Ser vi på besøk utanom gudsteneste så har tal på besøk frå barnehagar auka med 13%. Det kan tyde på at fleire vel å delta på krybbevandringar, påskevandring eller andre besøk i kyrkja framfor å gå på gudsteneste. Vidare at kyrkjelege medarbeidarar er mindre på besøk i barnehagar, men at barnehagar i større grad oppsøker kyrkja. Skulebesøka er stabile.

Tabell: Besøk

	Besøk i kyrkje utanom gudsteneste						Besøk av kyrkjeleg medarbeidar					
	Tal besøk frå barnehagar			Tal besøk i skular			Tal besøk i barnehagar			Tal besøk i skular		
	2018	2019	Endring	2018	2019	Endring	2018	2019	Endring	2018	2019	Endring
Møre	218	246	13 %	170	165	-3 %	140	110	-21 %	140	142	1 %

Hovudmål 5: Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid**Resultatmål 5.1 Rekruttering til vigsla stillingar blir styrka**Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At det skjer Kall til teneste
- B) At kyrkjeleg teneste står fram som viktig og attraktiv
- C) At tenesta står fram som godt forankra i den enkelte og i arbeidsfellesskap
- D) Motivasjon og arbeidsglede
- E) Involvering

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Rekruttering til utdanning og rekruttering og utvikling til stillingar gjennom heile livsløpet
- B) Rekruttering er tema på samlingar og på visitas
- C) Oppmuntre vaksne til kyrkjeleg teneste som “second career”
- D) Gode rammer for introduksjon og oppfølging
- E) Gode ordningar for sommarvikarar og for dei som er i kyrkjelydspraksis Arbeide for betre samhandling/teamarbeid og felles avtaleverk
- F) Ta del på yrkesmesser og rekrutteringskonferansar Fokus på arbeidsmiljø, kjønnsbalanse, alderssamansetting, rolleforståing og vegleiing
- G) Medråderett i prosessar

Måloppnåing ved resultatmål: Tal vigslingar

I 2019 vart det gjennomført 4 vigslingar til kyrkjeleg teneste. Av desse var 2 prestar, 1 diakon og 1 kantor. I 2018 vart det gjennomført 4 vigslingar til kyrkjeleg teneste. Av desse var 3 prestar og 1 kateket.

Vurdering av måloppnåing:

Som ledd i vurdering av måloppnåinga vil vi sjå dette i lys av årsverk, stillingskategoriar, aldersfordeling, arbeidsbelastning og rekruttering:

Tabell: Totalt tal årsverk i Møre bispedøme:

	Totalt	Prestar inkl. biskop	Del i prosent	Adminstrasjon	Del i prosent	Andre	Del i prosent
<i>Møre 01.01.2019</i>	87,1	73,45	84,33	13,65	15,67	0	0,00
<i>Møre 31.12.2019</i>	84,6	73,2	86,52	11,4	13,48	0	0
<i>Diff</i>	2,5	-0,25		-2,25			

Talet på årsverk presteteneste er stabilt.

Årsverka er fordelt slik:

Biskop	Prost	Sokneprest	Kapellan	Prosti-prest	Senior-prest	Spesial-prest	Totalt
1,0	6	41,6	6,0	0	3	0,6	57,2

Dei fleste prestar er sokneprestar. Dette har si årsak i mange sokn der presten har sete i sokneråd. Dette er også bakgrunnen for at Møre ikkje har prostiprestar i fast stilling. Det er 6 kapellanar som alle er knytte til dei store kyrkjelydane med fleire prestar. Ordninga med seniorprestar er knytt til at nokre får spesialisert teneste i siste del av yrkeslivet. Dette er ofte ei prostiprest-liknande teneste eller for å dekke opp i vakante stillingar i ein periode. Dette har vist seg å vere ei tenleg løysing.

Tabell: Aldersfordeling i presteskapet frå 2016 - 2019

	Under 40 år		40 - 49 år		50 -59 år		Over 60 år		Totalt
	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.
Møre 2016	21	29 %	12	16 %	16	22 %	24	33 %	73
Møre 2017	23	32 %	13	18 %	14	19 %	22	31 %	72
Møre 2018	20	29 %	16	23 %	14	20 %	19	28 %	69
Møre 2019	14	24 %	11	19 %	18	31 %	16	27 %	59
Nasjonalt 2019	213	17 %	297	24 %	368	30 %	365	30 %	1243

Dei siste åra har Møre bispedøme rekruttere fleire unge prestar, og gjennomsnittsalderen har gått betydeleg ned, slik at fordelinga i alder er relativt jamn. Totalt sett har Møre bispedøme ei svært god aldersspreing i presteskapet. Vi trur dette i seg sjølv er rekrutterande. I 2019 har fleire prestar under 40 gått ut av presteteneste i Møre.

Tabell: Tal kyrkjemedlemmar per faste presteårsverk

	Medlemmar og tilhøyrande	Medlemmer	Preste-årsverk	Medlemmar per prest	Medlemmer og tilhøyrande pr. prest
<i>MØRE 2018</i>	211 786	207 967	73,45	2 831	2 883
<i>MØRE 2019</i>	209 973	206 692	73,2	2 824	2 868

Antal medlemmar pr prest i Møre er stabilt.

Tabell: Kyrkjelege handlingar pr. presteårsverk

	Prestar inkl. biskop	Konfirmasjonar		Vigslar		Gravferder		Dåpshandlingar	
		Tal	Per prest	Tal	Per prest	Tal	Per prest	Tal	Per prest
<i>Møre 2017</i>	70,8	2 502	35,3	423	6,0	2 115	29,9	2 067	29,2
<i>Møre 2018</i>	73,45	2 469	33,6	405	5,5	2 117	28,8	1 810	24,6
<i>Møre 2019</i>	73,2	2528	34,5	368	5,0	2175	29,7	1828	25,0
<i>DNK 2019</i>	1300,15	34594	26,6	6246	4,8	35042	27,0	27910	21,5

Frå 2018 til 2019 er det ei auke i talet på kyrkjelege handlingar pr. prest, med unntak av vigsel. Det har si hovudårsak i auke i talet på tenester. Samanlikna med snittet for landet ligg Møre over når det gjeld alle kyrkjelege handlingar.

Tabell: Gudstenester per presteårsverk

	Presteårsverk	Totalt tal gudstenester	Gjennomsnitt gudstenester per presteårsverk
Møre 2017	70,8	3 766	53,2
Møre 2018	73,45	3 866	52,6
Møre 2019	73,2	3696	50,5

Talet på gudstenester pr. prest viser ein nedgang på 2 pr. årsverk. Det kan verke som at arbeidsbelastninga pr. presteårsverk er høgare i Møre enn i enkelte andre bispedømer.

Ekstratenester

Ut over dei faste stillingane er det nytta vikarar og pensjonistar for å gjere presteneste i enkelttenester. Det er ei vesentleg auke i talet på ekstratenester i 2019. Dei høge tale knytt til enkelttenester skuldast vakanse i prestestillingar.

Tabell: Ekstratenester gudstenester, gravferd og vigsel 2015 -2019

	Gudstenester			Gravferd			Vigsel
	Ved andre	Ved prest	Totalt	Ved andre	Ved prest	Totalt	
Møre 2015	64	18	82	74	34	108	22
Møre 2016	37	7	44	30	7	37	8
Møre 2017	28	16	44	48	12	60	10
Møre 2018	14	20	34	3	14	17	9
Møre 2019	36	54	90	51	60	101	9

Pensjonistar og enkelttenester, 2015 – 2019

Utbetalte timar for medarbeidarar på pensjonistvilkår

	2015		2016		2017		2018		2019	
	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk
Møre	8253	4,7	5181	3,0	4532	2,6	7603	4,34	11558	6,60

Antal timar utført av pensjonistar er auka med 66% og er på 6,6 årsverk. Dette har og samanheng med vakanse i faste stillingar.

Rekruttering

Tabell: Utlysingar, søknadar og tilsettingar i prestenesta

	Utlyste stillingar	Tal søknadar	Søknadar per stilling	Stillingar lyst ut fleire gng.	Tal tilsettingar	Ledige stillingar
Møre 2016	9	15	1,7	4	6	5
Møre 2017	9	26	2,9	3	9	4
Møre 2018	7	13	1,9	3	5	
Møre 2019	16	22	1,4	6	6	

Generell vurdering av bemanningssituasjonen

Rekrutteringssituasjonen er blitt svært vanskeleg for enkelte geografiske delar av bispedømet, der heile 10 prestestillingar stod vakante ved årsskiftet, fleire etter å ha vore lyste ut fleire gonger.

Eit viktig rekrutteringstiltak er tilsetting av «prest i studieløp», der leke vert tilsett i 80% stilling som prestevikar medan dei studerer i 20% for å kvalifiserer seg til ordinasjon til presteteneste. Ved årsskifte hadde Møre avtale med 4 slike prestevikarar.

Det er har ei tid vore ei forskyving mellom aldersgrupper, med hovudvekt på dei under 40. Dette gir særskilte utfordringar knytte til introduksjon og oppfølging i tenesta. At Møre rekrutterer unge prestar kan ha si årsak i at vi gir våre VTP-studentar høve til å vikariere som prestar i sommarhalvåret. At fleire som kjenner kvarandre søker til same geografiske område verkar også inn.

Tal søkjarar til stillingar er låg, men dei som søker er som regel godt kvalifiserte. At ei stilling blir lyst ut fleire gonger har i nokre tilfelle si årsak i at ein søker får tilbod om fleire stillingar.

Talet på kvinner i presteteneste er stabil, med talet på kvinnelege søkjarar er låg. Det er ønska ei anna utvikling her.

Sjukefråveret har auka, og når sjukdom oppstår er det krevjande å skaffe vikar. Konsekvens er ofte at prosten gjer vikarteneste med overbelastning for prosten som resultat. Vi vurderer at arbeidsbelastninga mellom prestane er jamnare fordelt enn tidlegare. Strukturelle tilhøve som ny arbeidsavtale verkar inn på dette, men også ei tydelegare leiarrolle gjennom prosten.

Det er godt samarbeidsklima mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde og vernetenesta på regionalt og lokalt nivå.

Resultatmål 5.2: Fleire blir engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Skape kjensle av å høyre til i same kyrkja
- B) Utfordre til konkret og avgrensa teneste

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Fokus på frivillige i møte med råd og tilsette
- B) Heidre og oppmuntre frivillige i visitasmøter
- C) Styrke den faglege utviklingssamtalen i trusopplæringsutvala
- D) Ha fokus på frivillige sin innsats i kurs for nye sokneråd

Måloppnåing vist ved resultatindikator: Tal frivillige

Tabell: Frivillige 2016 - 2019

	2016	2017	2018	2019
Totalt tal frivillige	7145	7790	7976	6356
Frivillige i gudstenestefeiringa	3249	3242	3441	3134
Frivillige i kyrkjelydens barnarbeid	1388	1408	1198	1079
Frivillige i kyrkjelydens ungd.-arbeid	1039	931	1208	1005
Frivillige i kyrkjelydens diakonale arbeid	1171	1603	1469	1174
Friv i kyrkjelydens kultur- og konsert-arbeid	1512	1841	2034	1576
Frivillige i kyrkjelydens komité-og utvalsarbeid	1481	1426	1441	1450
..av dette i sokneråd	819	797	790	847
Frivillige i anna arbeid	976	993	837	751

Ressursbruk:

Det blir ikkje brukt ressursar frå bispedømet på desse områda

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga blir ikkje nådd. Vi ser at totalt tal frivillige går ned og det har si årsak i generell nedgang på alle områder. Kun i komité og utvalsarbeid og soknerådsarbeid er det ei auke. Vi har ingen konkret kunnskap om årsaka, men kan ha samanheng med at andre frivillige samfunnsaktørar har auka si verksemd.

Eventuell endring av tiltak:

- A) Bidra til at kyrkjelydane har ein strategi for rekruttering, opplæring og oppfølging av frivillige.

5.4 Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobbenDei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At tilsette opplever engasjement
- B) At innhaldet i jobben gir mening
- C) God leiing og gode relasjonar/samarbeidsklima
- D) God kultur for endring og utvikling

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Kompetanseutvikling
- B) Vegleiing - ABV, åndeleg- og individuell
- C) Fagsamlingar - faglege og tverrfaglege
- D) Rekruttering
- E) Gode strukturar for arbeidsmiljø og medråderett
- F) HMS-dagar for prostar og vernetenesta

Måloppnåing ut frå nøkkeliindikator:

Medarbeidarundersøkingar er gjennomført i 2018 og 2019 og er initiert på nasjonalt nivå. I tillegg er det gjort arbeidsplassundersøkingar i Møre som har vore gjennomgått på prostinivå og i samband med årleg HMS dag.

Medarbeidarundersøkinga i 2019 viser at tilsette i Møre melder om høg grad av engasjement og autonomi. utfordringar ligger på gjennomføringsevne, arbeidsbelastning og samarbeidsklima. Det vil bli arbeida vidare med tiltaksplanar.

Sjuefråver:

Det totale sjuefråveret i Møre var i 2019 på 3,1% mot 7,4% i 2018. Dette ligger under snittet for Den norske kyrkja som var på 4,8%. Menn hadde eit sjuefråver på 2% (Dnk 3,7%) og kvinner 6,3% (Dnk 6,8).

Vurdering av måloppnåing:

Vi vurderer at det Møre har medarbeidarar som har høg grad av trivsel på jobb. Samstundes er det medarbeidarar som peiker på utfordringar som det må arbeidast vidare med.

Eventuelt endring i tiltak:

Utarbeide konkrete tiltaksplanar ut frå det som har kome fram i medarbeidarundersøkingane.

5.5 Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelydane

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At barn og unge kjenner seg heime i kyrkja
- B) At barn og unge blir utrusta til å leve som kristne

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Sette fokus på barne- og ungdomsarbeidet i samband med Kyrkjevalet
- B) Film på ferjer og kino
- C) Bevisst «plattform for kirkens unge»

Måloppnåing ut frå nøkkellindikatorar: Tal deltakarar på tilbod for 13-17 år/18-30 år

Tabell: Tilbod til unge 13-17 år, enkelttiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlige tilbod for 13-17 år, antall			Enkelttilbod for 13-17 år, tal			Leiarkurs for unge 13-17 år, tal		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Møre	49	117	-58%	26	34	-24 %	22	25	-12 %
Totalsum	850	866	-2 %	526	435	6 %	560	571	-3 %

Tabell: Tilbod til unge vaksne 18-30 år, enkelttiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbod for 18-30 år, tal			Enkelttilbod for 18-30 år, tal			Leiarkurs for 18-30 år, tal		
	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring	2019	2018	Endring
Møre	7	14	-50 %	14	5	180 %	4	2	100 %
Totalsum	302	313	-4 %	196	175	12 %	103	124	-17 %

Vi ser at tilbod til unge 13-17 år går ned frå 2018 og er no om lag som på 2017-nivå. For unge vaksne 18-30 er det ei auke i enkelttilbod som synes å gå på bekostning av kontinuerlege tilbod

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er ikkje nådd.

Dei fleste kyrkjelydar samarbeider med ein eller fleire organisasjonar og at dei opplever dette som viktig. Dei store variasjonane frå år til år verkar å ha samband med mangel på kontinuitet. Det som kan verke godt og bra eit år er heilt ute i neste. Film på ferjer og kino har gitt positiv merksemd, men ser ikkje ut til å bidra til fleire tilbod. Ungdomstinget og ungdomsrådet er viktige utgangspunkt for å ha kontakt med unge vaksne i heile bispedømet. Fleire kyrkjelydssliknande fellesskap har tilbod for unge og unge vaksne, men desse blir ikkje rekna med her.

Ressursbruk:

Møre bispedøme har eigen rådgjevar for ungdom i 40%

Eventuell endring av tiltak:

Vurdere fleire digitale møteplassar

HOVUDMÅL 6: Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon

Resultatmål 6.1: Oppslutning om kyrkjevalet blir halde oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- B) God og ryddig nominasjonsprosess
- C) God valadministrasjon
- D) Listene marknadsfører seg sjølve
- E) God tilrettelegging i vallokala

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Møte med listene sine tillitsvalde
- B) Gi støtte og hjelp til lokal valansvarleg
- C) God og profesjonell rigging/drift av vallokalet
- D) God info om kvar og korleis valet skjer

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Valdeltaking

Tabell: Deltaking ved val av sokneråd og direkte val av leke til bispedømeråd

Valår	Val til bispedømeråd		Val til sokneråd	
	Tal personar som røysta	Prosent valdeltaking	Tal personar som røysta	Prosent valdeltaking
2009	21 404	11,8	28 246	16,8
2011	23 348	13,2	30 882	17,4
2015	30 427	17,2	33 324	18,6
2019	21 080	13,0	24 800	15,1

Ressursbruk:

Det blei brukt av midlar tildelt til kyrkjevalet. I tillegg vart det nytta interne personalressursar ved bispedømekontoret supplert med administrative ressursar frå Kyrkjerådet.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er nådd med omsyn til demokratisk gjennomføring og kjønnsfordeling. Målet er ikkje nådd vedr. ungdomsrepresentasjon, sidan ingen ungdomsrepresentantar har fast plass i bispedømerådet. Målet er heller ikkje nådd med omsyn til valdeltaking, sidan valdeltakinga er redusert med 4,2%-poeng for bispedømerådsval og 3,5%-poeng for soknerådsvalet.

Generelt om kyrkjevalet 2019

Før første gong stilte 3 lister til val ved bispedømerådsvalet. Valet blei gjennomført etter valreglane, og alle medlemene (bortsett frå biskop, lek tilsett og prest) blei valt ved direkte val. Erfaringane ved direkte val er gode, ikkje minst sikrar ein at førebels valresultat kan kunnjerast kort tid etter valet og at endeleg valresultat er klart ganske få dagar etter valet. Gjennomføringsteknisk og med tanke på informasjon og kommunikasjon kring kyrkjevalet er det ein stor fordel med direkte val.

Mykje spenning var også knytt til at kyrkjevalet denne gongen hadde tre lister. Spenninga var knytt til valrådet si handtering av tre ulike lister, om/kor mykje valmedarbeidarane hadde høve til å gi informasjon om dei ulike listene, om stemmefordelinga mellom listene og om overføring av listestemmer mellom listene.

Meldingar og inntrykk frå valet dokumenterer at dei lokale stemmestyra har gjort ein god jobb med tilrettelegging og profesjonell gjennomføring av kyrkjevalet. Vallokala har vore godt merka og oversiktelege og valfunksjonærene har gjort ein framifrå jobb. Det låge talet på forkasta stemmer er ein tydeleg indikator på godt arbeid i stemmelokala.

Vidare sytte valstyra for rask, og samordna transport av stemmesetlar til bispedømekontoret for endeleg oppteljing av stemmene frå bispedømerådsvalet. Oppteljingsarbeidet gjekk også raskare enn forventta, og teljekorpset gjorde ein god jobb. Vi er glade for at denne delen gjekk så bra.

Den vanskelegaste prosessen var nok å få i gong ein god nominasjonsprosess. Tre ulike lister, der eine lista hadde litt ulik karakter enn dei to andre, skapte litt forvirring om kva som var rolla til nominasjonskomité og valstyre/valansvarleg og kva som låg til listene sjølve å ta ansvar for. Eit møte med tillitsvalde for dei tre listene avklara ein del, men vi erfarte nok at dette punktet i valførebuingane kan forbeistrast. I denne fasen av valførebuingane, måtte også ein ny medarbeidar gå inn som valkoordinator.

Som ved tidlegare val ser vi at valdeltakinga ved soknerådsvalet er noko høgare enn ved bispedømerådsvalet. Det gir likevel grunn til litt uro når valprosenten er den lågaste som er målt sidan valet i 2009

Kjønnsfordeling

Tabell Kjønnsfordeling bispedømeråd

Valår	Tal valde medlemmar	Tal kvinner	Tal menn
2015	9	5	4
2019	9	4	5

Kjønnsfordelinga for bispedømerådet er god. Alle listene hadde kvinne som listetopp. 5 menn og 4 kvinner er faste medlemmer i rådet. Biskopen er kvinne. Begge medlemene for leke tilsette og for prestane er menn. 1. varamedlem for dei tre listene er 2 menn og 1 kvinne.

Kjønnsfordelinga i sokneråda er ikkje kjent.

Alderssamansetting

Tabell: Alderssamansetting bispedømerådsmedlemer

Valår	Tal valde bispedømeråds-medlemmer	Tal under 30 år	Tal 30 – 50 år	Tal 50 – 70 år	Tal over 70
2019	7	0	2	5	0

Bispedømerådet er langt unna målet om ungdomsrepresentasjon. Alle listene hadde kandidatar under 30 år, og fleire av desse var delvis plassert høgt oppe på lista. Det kan sjå ut som at det gode ved nokre høve har blitt det beste sin fiende. Fleire gode ungdomsrepresentantar på eine lista har gitt eit svært jamn fordeling, der fleire representantar kjempa om plass og der ungdomsrepresentantane «tapte» kampen. Ingen av dei faste medlemene i bispedømerådet er under 40 år. Ein 1. varamedlem er under 30 år.

Røyster

Tabell: Tal registrerte og forkasta røyster i direkte val av leke til bispedømerådet

	2011	2015	2019
Tal godkjende røyster	20 888 (89,5 %)	30 201 (98,8%)	21080 (99,9%)
Tal forkasta røyster	2460 (10,5%)	382 (1,2%)	23 (0,1%)
Sum røyster	23 348 (100 %)	30 965 (100%)	22003 (100%)

Talet på forkasta røyster har gått vesentleg ned gjennom dei siste kyrkjevala, frå at over 10% av røystene blei forkasta i 2011, til berre 0.1% ved valet i 2019. Vi trur at hovudgrunne til desse positive tala er at valgjennomføringa har fått auka kvalitet. Innreiing av stemmelokale, opplæring av valfunksjonærar og god informasjon i vallokalet er viktige element for å nå eit så godt resultat. Informasjonen i tilsendt valkort er også viktig tettleiing for veljarane.

Tabell: Fordeling av listestemmer

	Listestemmer til anna liste	Listestemmer frå anna liste
Bønelista	223	203
Nominasjonskomiteen si liste	466	392
Open Folkekyrkje si liste	198	292

Sidan det er første gongen at bispedømerådsvalet har 3 ulike lister, er det interessant å sjå omfanget av overføring av listestemmer frå og til andre lister. Tala viser at overføring av listestemmer ikkje er omfattande, men at nokre har nytta seg av denne retten som valreglane opnar for. Det er vanskeleg å informere om reglane på dette punktet og oppteljinga av listestemmer er krevjande. Sjølv om det er eit viktig demokratisk prinsipp å gi stemme til sine kandidatar, uavhengig av kva liste kandidaten står på, bør ein vurdere om overføring av listestemmer har ført til anna resultat enn om valreglane ikkje hadde gitt høve til å stemme på denne måten

Eventuell endring av tiltak:

For å auke oppslutninga om bispedømerådsvalet lyt ein få til betre profilering av listene. Mange veljarar gav uttrykk for at dei ikkje kjente så godt til kva listene stod for, og mange etterlyste meir informasjon om dei einskilde kandidatane. Vi trur at vi kan auke valdeltakinga dersom valreglane kan bli endå tydlegare/enklare, slik til at listene greier å forbetre profileringa av eigen bodskap og av egne kandidatar.

Resultatmål 6.2: Reduksjon i administrative kostnader

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Reduksjon i administrative kostnadar i høve til presteteneste

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Etablere felleseiningar for økonomi, løn og arkiv for Dnk
B) Gjennomgang av stillingsbehov ved bispedømekontoret

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Administrative kostnader

Rekneskapen viser kostnader til kyrkjeleg administrasjon for 2019 var 12,8 mill mot 12,4 i 2018. Av dette var 9,7 mill. lønskostnader mot 9,4 i 2018.

Ressursbruk:

Kostnader til kyrkjeleg administrasjon utgjør 16,6% av totale driftskostnader.

Vurdering av måloppnåing:

Vi vurderer målet som nådd. Resultat må, for å kunne samanlikna 2018 og 2019, bli justert for kostnader til kyrkjeval og eingongskostnader knytte til etablering av felleseiningar. Løsendringar er ikkje tatt med.

Eventuell endring av tiltak:

- A) Fleire felles rutinar på tvers av bispedømer
- B) Lean av arbeidsprosessar

Om biskopens verksemd

Tre av hovudmåla for Den norske kyrkja har eit tydeleg samanfall med biskopens særlege ansvar:

- *Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje.*
- *Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som bekreftar karakteren som folkekyrkje.*
- *Den norske kyrkja skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle barn.*

Ut frå eit heilskapsbilete av bispedømet arbeider biskopen etter bispedømmets mål og strategiar. Bispedømmets visjonsdokument har same overskrifta som på nasjonalt nivå; Meir himmel på jorda! Biskopens tilnærming er: – Vi må ikkje stenge trua inne i kyrkja. Vi må opne opp, gå ut og gi menneske tilhøyrse.

Biskopen har tilsynsansvaret for prestane og samhandlar nært med prostane kring kyrkjefaglege og personalmessige saker. Biskopen utfører vigslingar, gjennomfører visitasar og tek del ved gudstenester og kyrkjejubileum.

I tråd med Den norske kyrkja sine hovudmål støttar biskopen dei lokale kyrkjelydane i Møre sin innsats for at *gudstenestelivet skal blomstre*. Ho vektlegg at gudstenesta skal vere eit møte med Gud i eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap. Gudstenesta knyter oss til den verdsvide kyrkja.

Biskopen har ansvaret for å fastsetje talet på gudstenester i prostia. I eit tid med prestemangel kan det vere ei utfordring å halde talet oppe. Prostane er gitt mynde til å flytte gudstenester mellom kyrkjer, men samtidig prøve å halde det totale talet gudstenester oppe. Gudstenester er også eit fast tema under visitasane. Der kyrkjelydar av ulike årsaker står i krevjande situasjonar eller har særlege utfordringar, vil biskopen vere lydhør for situasjonen – og gjerne leggje inn eit ekstra besøk, feire gudsteneste saman med kyrkjelyden og samtale med tilsette og frivillige.

I 2019 visiterte biskopen kyrkjelydane i Rauma, Skodje og Ulstein i første halvår. Andre halvår var det ikkje visitasar grunna kyrkjevalet. Biskopen har snart gjennomført andre visitasrunde til alle kyrkjelydar i Møre, og tek snart til på runde tre. I visitas har biskopen

merksemd på å sjå og inspirere kyrkjelydane. Kyrkja som ein samarbeidande aktør i lokalsamfunnet er ein viktig del av visitasen.

Gjennom dei grensereguleringane som følgde kommunereforma har Rindal sokn og Halså sokn frå 2020 blitt overført til Nidaros, medan Hornindal sokn er lagt til Møre bispedøme. Samstundes er prostigrensene i bispedømet justert. Biskopen har kjent på omsorg for dei kyrkjelydane som har opplevd endringar. Ho har brukt tid på ei formell og offisiell markering av desse overføringane gjennom å feire gudsteneste på desse stadane, med tilhøyrande program.

På offentlege arenaer, i avisintervju og i radio og TV har biskopen også i 2019 løfta fram behovet for at *fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid*. Biskopen oppmodar kyrkjelydane om å be Gud kalle fleire til å bli prestar - og at kyrkjelydane sjølve utfordrar unge og vaksne til teneste i kyrkjelydane.

Biskopen samarbeider nært med prostane for å finne eigna lekfolk som kan gå inn i eit studieløp og samstundes vere deltids prestevikarar. Eitt tiltak i denne satsinga er kursdag om gudsteneleiing for leke prestevikarar. Kursdagane gir oppdatert kunnskap, ny kunnskap og byggjer relasjonar.

Rekruttering til kyrkjelege stillingar er eit fast tema på bispedømmets Ungdomsting, som blir arrangert kvar vår. Ungdomstinget er ein viktig arena kor unge kan bli utfordra på å gå inn i kyrkjeleg teneste.

I tråd med at *kyrkja skal skape trygge rom* vektlegg biskopen at medarbeidarar og frivillige i kyrkja skal trivast i jobben og kjenne seg trygge, ivaretekne og ukrenkelege. Ho har deltatt i samtalar og arrangement kring undertrykking og overgrep og markerer #torsdagerisvart. Biskopen sjølv har i samanheng med #metoo-rørsla fortalt si historie om grenseoverskridande handlingar frå medarbeidarar i kyrkja.

Møre biskop vektlegg eit tydeleg *kyrkjeleg nærvær i det offentlege rom*. Biskopens breie engasjement er gjennom året blitt ofte eksponert i medieomtalar og avisoppslag, og blir også spegla av i den digitale nettsatsinga til Møre bispedøme.

Ein dimensjon i dette engasjementet er biskopens involvering i internasjonalt arbeid og solidaritet med den verdsvide kyrkja. Biskopen har i 2019 vore bidragsytar i FN om finansiering av ein global berekraftig utvikling og kyrkja si etiske røyst. Ho har også vore foredragshaldar på ein internasjonal psykologkonferanse for behandlarar av traumatiserte flyktningar.

Som eit vindauge ut i den verdsvide kyrkja har biskopen i 2019 vore reiseleiar for bispedømmets studieturar til Egypt og England, og ho har vore på studietur med bispekollegiet til Egypt. Biskopen har også vitja begge Møre sine venneskapsbispedøme; Nordre bispedøme i Ungarn og Newcastle bispedøme i England. Venskapsavtalar er fornya og det blir bygd relasjonar over eit breitt felt.

Som ein lekk i kyrkja sitt samfunnsansvar har Møre biskop samhandling med Fylkesmannen, m.a. i beredskapsrådet og i konferansar og kriseøvingar.

Folkekyrkja kan ikkje vedtakast, men må skapast; bli bygd og vedlikehalden. Når strukturane blir endra/svekte, må relasjonane bli styrkte.

Biskopen er ein støttespelar for at *kunst og kulturuttrykk blir ein del av kyrkjelivet*. Ho er ein tilbakevendande bidragsytar ved musikk-, litteratur- og kulturfestivalar og har arbeidd

for at den kyrkjelege røysta skal bli høyrte, m.a. gjennom litteraturgudstenester, forfattarsamtalar og konsertar.

Ho har støtta salmeturneen gjennom bispedømet i samband med 150-årsmarkeringa av den nynorske salmen. Biskopen har også initert ein salmestafett på nett, der kjende personar i Møre deler sin nynorske salme. Salmane gir trua eit felles språk og inkluderer alle.

Biskopen er medviten om kyrkjene som signalbygg og kulturminne, og gjennom si forvaltarrolle for kyrkjebygga og kyrkja sine nære omgjevnader arbeider ho for eit tillitsfullt samarbeid mellom den lokale kyrkja og faginstusjonar om vedlikehald og vern av kyrkjer og kyrkjestader.

DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

A) HMS/Arbeidsmiljø

Sjuefråvær

Møre bispedøme sitt IA-mål er å ha eit sjuefråvær på under 4%.

Prestar	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre Menn	1,1	0,5	0,6	0	0
Møre kvinner	7,2	1,0	1,5	1,6	3,09
Totalt	2,6	0,6	0,8	0,4	0,7
Administrasjon	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre menn	8,8	1,5	0,9	1,0	5,3
Møre kvinner	3,5	1,1	2,4	0	0
Totalt	6,4	1,3	1,6	0,6	2,9
Totalt	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre menn	2,0 %	0,6 %	0,6 %	0,1 %	0,6 %
Møre kvinner	6,3 %	1,0 %	1,8 %	1,2 %	2,3 %
Møre totalt	3,1 %	0,7 %	0,9 %	0,4 %	1,1 %

Det totale sjuefråværet er på 3,1% fordelt på prestar 2,6 % og for administrasjonen på 6,4 %. Sjuefråværet for kvinnelege prestar er høgare enn for menn. Ved administrasjonen var sjuefråværet høgare for menn.

Som arbeidsgjevar er vi stort sett kjent med årsaka til sjuefråvær og har fokus på dette gjennom oppfølging. Vi ønskjer også å legge til rette for tilsette med kroniske lidingar. I statistikk for sjuefråvær kan dette slå negativt ut, men grunnhaldninga vår her er overstyrande. I arbeidsplassundersøkingar seier mange at dei går på jobb sjølv om dei er sjuke. Dette er eit område vi arbeider med. Sjuefråværet blir følgt opp gjennom arbeidsmiljøutvalet og i forhold til våre IA-rutinar.

Medarbeidarundersøkinga i 2019.

Kyrkja i Møre skal vere ein god arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, motiverte og engasjerte medarbeidarar med mål om eit felles oppdrag. I 2019 gjennomførte Rambøel ein nasjonal medarbeidarundersøking på vegne av Kyrkerådet. Vi viser til omtale under pkt 5.3.

Rutinar for melding om avvik og intern varsling om kritikkverdige tilhøve

Møre bispedøme har rutinar for varsling om kritikkverdige tilhøve og for melding om avvik. Skjema og rutinar er tilgjengelege på intranett Kirkebakken og link i Aditro Suiten. Rutinane har vore gjennomgått under HMS-dagen med vernetenesta, tillitsvalde og prostar. Vi meiner det er grunnlag for å seie at det er ei underrapportering i høve til meldingar om avvik.

B) Likestilling

Kvinnedel i presteskap og leiande stillingar

Talet på kvinnelege tilsette er lågare enn mannlege tilsette for presteskapet i Møre.

Kvinnedelen for biskop og prostar er på 33,33%, medan kvinnedelen i administrasjonen er på 48,45%. I leiargruppa ved administrasjonen er 1 av i alt 3 tilsette kvinner.

Kvinnedel

31.12.2019	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Møre presteskapet	12,2	45	57,2	21,33
Møre administrasjon	4,7	5	9,7	48,45

Kvinnedel i leiarstillingar, biskopar og prostar

Presteskapet	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Møre presteskapet	2	4	6	33,33
Møre administrasjon	1	2	3	33,33

Søknader og tilsettingar av prestar i Møre bispedøme

Talet på kvinnelege søkjarar var på 8 % i 2018, men auka til 27 % i 2019.

Kvinnedel – søknader og tilsettingar i presteskapet

		2019			2018	
Møre	Tal søknadar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner	Tal søknader	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner
	22	6	27,27	13	1	7,69 %

		2019			2018	
Møre	Tal tilsettingar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner	Tal tilsettingar	Av dette kvinner	Prosentdel kvinner
	6	0	0	5	0	0

Sjukefråver

Sjukefråværet er på totalt 3,1%. 6,3% sjukefråver for kvinner. Vi vurderer at desse forskjellane ikkje er kjønnsbetinga.

Totalt	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre menn	2,0 %	0,6 %	0,6 %	0,1 %	0,6 %
Møre kvinner	6,3 %	1,0 %	1,8 %	1,2 %	2,3 %
Møre totalt	3,1 %	0,7 %	0,9 %	0,4 %	1,1 %

C) Vurdering av risiko for misleghald

Vi vurderer risiko for misleghald som liten.

Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i at Møre bispedømeråd følger økonomireglement for rettssubjektet Den norske kyrkja, sist revidert med verknad frå 1/1-19. Rutinar blir utvikla av felles økonomieining i høve til rekneskap, lønskøyring, kontroll og rapportering.

Godkjenning av faktura og reiser skal godkjennast av to personar. Alle fakturaer er i elektronisk flyt. Det er ikkje høve til å godkjenne for innkjøp som gjelder ein sjølv. Det blir ikkje handsama kontantar i Møre bispedøme. Rekneskap blir revidert av ekstern revisor.

Dei områda som særleg er omfatta av rutinar er:

- Fullmakter
 - Mottak og handsaming av faktura i elektronisk fakturabehandlingsystem
 - Godkjenning for utbetaling
 - Lønsrutinar
 - Rapportering
 - Tilskotsforvaltning
-

Det er utarbeida oversyn over inventar og utstyr og rutinar for avhending av slikt utstyr er under utarbeiding.

Det er utvikla budsjett disponeringsskriv iht. tildelingsbrev. Det er også utarbeidd rundskriv til alle prostar om personal- og økonomiforvaltninga i prostia på bakgrunn av budsjettvedtak i bispedømerådet. Bispedømerådet og biskopen har vedteke delegasjonsreglement. Det ligg også føre delegasjonsreglement og underskriftsfullmakter for administrasjonen.

DEL 5 - VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

På grunnlag av rapport i samband med Medlemsundersøkinga for Den norske kyrkja i Møre har prostar og Møre bispedømeråd i felles møte tematisert «Kyrkje 2030».

Møre bispedøme har, saman med Den norska kyrkja, ein visjon om «Meir himmel på jord» og at «Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus ved å vere Bekjennande, Open, Tenande og Misjonerande».

Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje.

Medlemsundersøkinga viser at 6 av 10 er positive til Den norske kyrkja i Møre og eit fleirtal meiner Kyrkja er ei viktig del av lokalsamfunnet. 87% av dei spurte er positive eller nøytrale til å få informasjon om kyrkjeleg aktivitet. Dette gir godt grunnlag for å arbeide for at kyrkja framleis skal vere til stades over heile landet.

Den norske kyrkja skal ha oppslutning som stadester karakteren som folkekyrkje. 82% av medlemmene ønsker dåp eller kyrkjeleg gravferd. 86% av medlemmene i Møre har besøkt ei kyrkje siste år og så godt som 100% har vore ein kyrkjerelatert stad. Ei brei oppslutning om gudstenester og deltaking i kyrkjelege handlingar som markerer livsriter vil vere eit viktig grunnlag for å si om vi som kyrkje når målsettingar når det gjelder gudstenesteliv, vigsel og gravferd.

Ei folkekyrkje har legitimitet til å engasjere seg i det folk peiker på er viktig.

Medlemsundersøkinga viser at Klima og Fattigdom er viktige saker som kyrkja har støtte for å ha fokus på. Eit fleirtal meiner Den norske kyrke bidrar positivt til det norske samfunnet, men er ikkje nødvendigvis einig når kyrkja uttaler seg.

Den norske kyrkje skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte barn. Eit fleirtal meiner det er viktig at unge lærer dei kristne fortellingane og ønskjer sjølv å lære meir. Del som trur på Gud er 58% og over halvparten ber til Gud. 67% av dei spurte medlemmene ville konfirmert seg kyrkjeleg. Målsettinga om fleire som søker dåp og trusopplæring – også for vaksne - har støtte blant medlemmane.

Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdiar

Det er grunnlag for å tru at man stiller seg bak målsetting om demokratiske prinsipp, men Medlemsundersøkinga gir ikkje grunnlag for å seie noko om haldningar til framtidig valordning. Heller ikkje om og korleis medlemmar vil bruke si demokratiske rett til å stemme ved kyrkjelege val. Desse haldningane kan det vere grunnlag for å undersøke nærare.

Medlemmer som ikkje skil mellom den lokale og nasjonale kyrkje vil kunne kjenne seg heime i kva lokalkyrkje som helst, uansett kvar dei er og kvar dei bur. I møte med spørsmål om ny kyrkjeleg organisering kan det sjå ut som at medlemmer ikkje har sterke meininger, så lenge dei har ei lokal kyrkje som dei kjenner seg heime i.

I Møre står kyrkjer plassert langs gamle ferdselsårer – på øyar og nes langs kysten. Her har prestar og predikantar sett sine spor både i kristenliv, kulturliv, næringsliv og i hjarta til enkeltmenneske.

Folket langs kysten og i fjordane har lært seg å leva med og av havet og jorda – som både gir og tar liv. Nær naturen og kreftene den representerer. Haugianismen og lågkyrkjeleg organisasjonsliv har sett sitt preg på området med si vekt på personleg gudstru, nøktern og arbeidsam livsførsel.

Likevel viser medlemsundersøkinga at folk i Møre i dei spørsmåla som er stilt i liten grad skil seg frå medlemmer i andre bispedømer. Om nokon har ein oppfatning av «typisk Nord-Vestlandet», så er den grundig slått tilbake.

Kyrkje- og kristenliv har tradisjonelt vore ein viktig faktor i Møre bispedøme. Høge tal for medlemskap, deltaking i gudstenester/kyrkjelege handlingar, dåp/trusopplæring og frivillig arbeid viser dette. Å ta vare på og utvikle desse tradisjonane vil vere eit berande element for måloppnåinga også i tida framover. Samstundes er dette området som tradisjonelt har høvrt tett saman med familien og livsritene. Når familiestrukturar, busettingsmønster og verdier er under endring, vil det få konsekvensar for det tradisjonelle kyrkjelege arbeidet

Kyrkja sin posisjon i folket er sterk, kva skal da til for at kyrkja betre kan utføre sitt samfunnsoppdrag slik at medlemmer opplever kyrkja som relevant

Her følgjer nokre ansatsar til vidare dialog og utvikling av perspektivet:

- Teknologi- og mediesamfunnet byr på moglegheiter og utfordringar.
- Flykningar og asylsøkjjarar utfordrar kyrkja si evne til integrering og dialog.
- Kyrkja i Møre vil i sterkare grad bli avhengig av frivillige ressursar for å nå mål. Vi treng å bli meir medvitne på kva som bidrar til motivasjon og engasjement og kva som skal til for å utvikle god leiing og «personalpolitikk», også for frivillige medarbeidarar.
- Samfunnet har gjennomgått store endringar i korleis dei unge har det. Kyrkja må ta innover seg aukande grad av ung psykiatri og rus. Vi meiner at kyrkja i framtida kan bli viktig som lyttepost overfor dei unge.
- Kyrkja har stor moglegheit til å fokusere på miljø og klima.
- Gjennom kystpilegrimsarbeidet kan kyrkja skape rom til samarbeid med det lokale næringsliv. Kyrkje og næringsliv har igjennom generasjonar gått hand i hand, alle treng ein stø kurs i kvardagen.
- I eit lokalmiljø har næringsliv, kommune og kyrkje same mål, det er å gi gode oppveksttilhøve til barn og unge. Det er berre fantasien som set grenser for samarbeidet med kyrkja i eit lokalsamfunn.
- Møre bispedøme har ei brei kontaktflate på lokalt-, regionalt-, nasjonalt- og internasjonalt nivå. Dette skjer gjennom arenaer knytte til mellom anna kyrkjelege rådsorgan, kultur, diakoni, miljø, undervisning, dialog og politikk – i kvardag og ved krisehandtering. Samhandling er ein viktig faktor for måloppnåinga om vi skal vere er kyrkje også i 2030.

DEL VI ÅRSREKNESKAP

Leiinga sine kommentarar til årsrekneskapen 2019

Innleiing

Møre bispedøme er geografisk samanfallande med Møre og Romsdal fylke. Bispedømet er, med Møre bispedømeråd og Møre biskop som forvaltingsorgan, del av rettssubjektet Den norske kyrkja.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane, og det skal fremme samarbeidet mellom dei einskilde sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet. Tildelinga av statlege midlar gjennom Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet til Møre bispedømeråd skal sikre ei lokal forankra folkekyrkje i alle kyrkjelydar i bispedømet. Vidare at evangelisk-luthersk tru og tradisjon blir formidla, og at alle døypte får tilbod om trusopplæring.

Bispedømmerådet tilset prestar og skal sørge for fordeling av presteneste slik at gudstenester og kyrkjelege handlingar blir utført. Bispedømerådet fordeler midlar til tilskot trusopplæring i kyrkjelydane og midlar til stillingar innanfor undervisning og diakoni. Bispedømerådet gir og rammer for at biskopen kan utøve tilsynsmynde for rådsorgan og tilsette, utøve sine oppgåver som arbeidsgjevar for prestane og vere ein del av forvaltingsmynde i høve kyrkjer.

Ved utgangen av 2019 var det 82,3 årsverk høyrande til Møre bispedømeråd, fordelt på 73,2 årsverk prestestillingar og 9,1 årsverk administrasjon/rådgjevarstillingar. Det blir arbeid systematisk med arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i visjonsdokumentet blir dette uttrykt slik: "Medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap". Bispedømet har rutinar for melding av avvik og varsling av kritikkverdige tilhøve.

Vurdering av vesentlige forhold

I 2019 har Møre bispedømeråd samla disponert kr 108 966 000 etter tildeling frå Kyrkjerådet. Av dette er kr 30 616 000 øyremerka midlar til trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk. Tilskotsmidlane er vidareformidla til fellesråd i høve til fastlagde kriterium. Tildeling frå Opplysningsvesenets fond på kr 502 000 er nytta innanfor kriteria til kyrkjelege prosjekt i bispedømet.

Samla løns- og driftsutgifter var på kr 75 637 000. Dette er kr 2 211 000 mindre enn tildelinga frå Kyrkjerådet. Mindreforbruket, som blir søkt overført til 2020, forklarar vi slik: I 2019 har det vore eit mindreforbruk i administrasjonen på kr 903 000 dels som følgje av sjukefråvær utan tilsvarande bruk av vikarar, vakanse og reduksjon i andre driftsutgifter. I 2019 har det vore eit mindreforbruk mellom budsjett og rekneskap i høve til presteskapa på kr 1 308 000. Innsparinga er i hovudsak grunna i vakansar utan tilsvarande vikar.

I 2019 er det ikkje gjort investeringar. Møre bispedømeråd har ikkje eigardeler eller interesser i andre verksemdar. Rekneskapen for Møre bispedøme inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og blir revidert av revisjonsfirma Ernst og Young AS.

Molde, 6. mars 2020



Ann-Kristin Sørvik
Bispedømerådsleiar



Bjørn Olaf Storhaug
Stiftsdirektør

Budsjettgruppe 1A

Endeleg tildeling for budsjettgruppe 1A i 2019 er kr 75 637 000. Dette er kr 2 211 000,- mindre enn tildelinga frå Kyrkjerådet og utgjer 2,8% av tildelinga til drift.

Det er eit mindreforbruk på løn på kr 1 800 000 fordelt på om lag kr 1 200 000 på løn til prestar og kr 600 000 på løn i administrasjonen. Reise- og kursutgifter blei noko lågare enn planlagt.

Budsjettgruppe 1B og andre tilskot

Til saman er det eit mindreforbruk i høve til budsjett for tilskot på kr 222.000,- eller 0,7% i høve til budsjett.

Tildelinga til trusopplæring i kyrkjelydane for 2019 var kr 19 473 000. Meirforbruk på trusopplæringsmidlar i 2019 er kr 125 000 og blir finansiert av mindreforbruk tidlegare år.

For tilskot til diakoni/undervisning/kyrkjemusikk vart det tildelt kr 10 807 000 til kyrkjelydane, som gir eit mindreforbruk på kr 336 000 i høve til budsjett. Det er i rapporteringa frå tilskotsmottakarane krav til dokumentasjon av planar og rekneskap for bruk av midlane. Mindreforbruket er i hovudsak grunna vakante stillingar i 2018, som har redusert tilskot i 2019.

Særskilt om OVF-tilskotet

Om lag halvparten av tilskotet er nytta til finansiering av stillinga Rådgevar Misjon. Planlagde prosjekt med støtte frå OVF-midlar blei i hovudsak utbetalt fordelt på 4 hovudområde. Rekneskapen viser eit lite mindreforbruk på kr 11 000,- med grunnlag i eit totalt budsjett på 502.000,-.

Møre bispedømme

280

- formål: å få frem summar og avvik pr budsjettgruppe og pr kontogruppe

	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1A - Driftsregnskapet	31.12.2019	31.12.2019	
Inntekter	715	575	140
Vareforbr/tilskudd	36		36
Lønnskostnader	67 820	69 644	1 824
Andr driftskostn	8 496	8 779	283
Sum budsjettgruppe 1A	75 637	77 848	2 211

	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl. - Tilskudd *	31.12.2019	31.12.2019	
Trosopplæring	19 598	19 473	125
Diakoni/Undervisning/Kirkemusikk m.m.	10 807	11 143	336
Annet (inkl OVF utbet til eksterne)	491	502	11
Sum budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl.	30 896	31 118	222

* Tilskudd = Koststed XXX4900

Sum Dnk 2019	106 533	108 966	2 433
---------------------	----------------	----------------	--------------

Spesifikasjoner:

Årsbudsjett 2019

-formål: spesifisere årsbudsjettet i tildelt ramme samt med planlagt bruk av Akk. mer/mindreforbruk

	Tildelt	Akk. mer/mindre-	Årsbudsjett
Årsbudsjettet og bruk av mer/mindreforbruk	ramme 2019	forbruk	2019
Budsjettet under 1A	77 848		77 848
Budsjettet under 1B	31 118		31 118
Sum budsjettgrupper	108 966	-	108 966

Spesifikasjon av Ovf-midlene:

OVF	2019		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
Administrasjon			-
Diakoni	55	55	-
Barn og unge	60	60	-
Gudstjenesteliv	28	28	-
Kirkemusikk og kultur	109	109	-
Samisk kirkeliv	-	-	-
Andre fellestiltak (inkl SMM)	239	250	11
Internasjonale og økumeniske organisasjoner			-
Ovf total (for rapportering til Ovf)	491	502	11

Risikovurdering økonomi

Møre bispedømme mottar sine midlar frå Kyrkjerådet. Tildelingsbrevet gjev mål for drifta. Kyrkjemøtet sitt budsjettreglement fastsett av Kyrkjemøtet 12. april 2016, og økonomireglement for rettssubjektet Den norske kyrkja av 01.01.2017, gjev rammer for økonomiforvaltninga.

Rettssubjektet Den norske kyrkja har avtale om kjøp av økonomitenester frå firmaet TET AS. TET handterer etter nærare rutinar saman med Felles økonomieining inngåande/utgåande faktura, rekneskapsføring, lønskøyning, kontroll, rapportering mv. Dette gjer at bispedømet sine tilsette åleine ikkje kan godkjenne eller utbetale beløp frå verksemda.

Godkjenning av faktura og reiser må godkjennast av minimum to personar. Risikoen for feilaktige utbetalingar er difor liten.

Rekneskapen blir i løpet av året vurdert opp mot budsjett og mål for drifta. Det er ein risiko for manglande måloppnåing grunna liten tilgang til vikarar og få kvalifiserte søkjarar til prestestillingar.

Dei utarbeidde rutineane for internkontroll, risiko- og vesentlegheitsvurderingar for økonomiforvaltninga i Møre bispedømme er vidareført.


Sluttord

Frå juni 2019 blei administrative system innanfor rekneskap/løn og arkiv overført til sentrale einingar. Grunnlaget var å arbeide med effektivisering av dei markantile tenestefunksjonane innanfor heile rettssubjektet. Talet på stillingar ved bispedømmeadministrasjonen har gått ned. Deltaking i prosessar har i denne perioden ført til redusert aktivitet i høve til primær oppgåver.

Mindreforbruk i 2019 gir handlingsrom for å legge til rette for satsingsområde i Møre bispedømme.

Meir himmel på jorda

Kyrkja i Møre vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere: vedkjennande – open – tenande – misjonerande



Gudsteneste

Møte den levande, treeinige Gud i forkynning, dåp og nattverd

Tene Gud i bøn og vedkjønning, tilbeding og lovsong

Utvikle kristen tru og identitet gjennom eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap

Kyrkjemusikk kunst og kultur

Sanse og erfare Guds nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk

Gje rom for det skapande menneske

Forvalte og fornye salmeskatten og trus- og kulturarven

Misjon

Invitere til å følgje Jesus Kristus

Ta del i Jesu kall og oppdrag gjennom ord, handling og dialog lokalt og globalt

Erfare at vi er del av den verdsvide kyrkja - med eit felles oppdrag

Diakoni

Be og vise omsorg for nesten

Skape trygge møteplassar med låg terskel til, fellesskap og sjelesorg

Verne om skaparverket og kjempe for rettferd og menneskeverd

Undervisning

Gjere trua på den treeinige Gud kjent og erfart

Invitere til dåp og gje planmessig trusoppplæring for alle døypte 0-18 år

Utruste barn, unge og vaksne til å leve som kristne

Trygge medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap i ein demokratisk og vel-fungerande organisasjon



DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet

Møre bispedømmeråd
Moldetrappa 1

6415 MOLDE

Dato: 25.09.2020

Vår ref: 20/00446-11 sb243

Deres ref:

Oppfølging av utviklingssamtalene våren 2020

Hovedutfordringene under anses som de mest sentrale for Den norske kirke nå og gis til alle bispedømmer. Utfordringene er bl.a. et resultat av årsrapporteringen, utviklingssamtalene og Kirkerådets vedtak i juni. Det forventes at bispedømmene legger disse til grunn for strategisk planlegging og virksomhetsplaner for 2021. I årsrapport 2020 vil vi etterspørre hvilke refleksjoner og grep som er gjort og hvordan disse er nedfelt i konkrete planer for iverksettelse.

Satsingsområdene er nasjonale og må utvikles i et samspill mellom lokalt, regionalt og sentralt nivå.

1. Oppfølging av nasjonale satsingsområder.

Bispedømmene bes synliggjøre en videre satsing på

a) Dåp gjennom bl.a.

- Systematisk analysere hva som skjer der hvor dåpsprosenten holder seg stabil.
- Å se til at hvert MR følger med på utviklingen av dåpsprosenten i sin menighet og at resultatene følges opp i videre prioritering av strategi og tiltak.
- Å tilskynde at menigheter har tydelig kommunikasjon om og enkel påmelding til dåp på sine nettsider.

b) Kirke på nett ved bl.a.

- Å bidra til at menighetene blir fortrolig med bruk av digitale verktøy og får oppdaterte nettsider. Hva gjør bispedømmet for å skape enhetlig kommunikasjon gjennom endring i praksis/kultur?
- Å satse på og utvikle arbeidsmåtene til kommunikasjonsmedarbeider(e) på hvert kontor.

c) Diakoni gjennom bl.a.

- Å bistå menighetene i å være etterspørselsorientert i dialog med kommunene. Hva er de opptatt av? Anvende bærekraftmålene og levekårsundersøkelsen som inngang.
- Arbeid med ulike profiler på diakonstillingene ut fra hvilke behov skal de møte.

2. Innovasjon i økonomiforvaltningen.

Arbeide med hvordan tildelte midler utnyttes innenfor mulighetsrommet. Hvordan vri og bruke tilgjengelige ressurser for å sikre måloppnåelse for hele virksomheten, ikke bare dekke lønnskostnader. Utarbeide planer og strategier for prosjekter som kan settes i gang, og kostnadsføres mot et mindreforbruk i et budsjettår.

Særskilte utfordringer pr bispedømme

Møre

1. Utforske hvorfor barnefamilier går til kirkelignende felleskap og se på hvordan vi kan bidra til å snu utviklingen.
2. Arbeide med funn i medarbeiderundersøkelsen. Utarbeide en plan for tiltak inkl fremdrift.
3. Se på tiltak for å 'holde på' foreldre etter dåp og konfirmasjon.
4. Skrive mer om diakoni i neste årsrapport.

Med vennlig hilsen

Ingrid Vad Nilsen
direktør

Siv Birkeland
fagdirektør virksomhetsstyring

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:
Møre bispedømmeråd

Moldetrappa 1

6415 MOLDE



Meir himmel på jorda

Kyrkja i Møre vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere:
vedkjennande – open – tenande – misjonerande

Gudsteneste

Møte den levande, treeinige Gud i forkynning, dåp og nattverd

Tene Gud i bøn og vedkjenning, tilbeding og lovsong

Utvikle kristen tru og identitet gjennom eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap

Kyrkjemusikk kunst og kultur

Sanse og erfare Guds nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk

Gje rom for det skapande menneske

Forvalte og fornye salmeskatten og trus- og kulturarven

Misjon

Invitere til å følgje Jesus Kristus

Ta del i Jesu kall og oppdrag gjennom ord, handling og dialog lokalt og globalt

Erfare at vi er del av den verdsvide kyrkja - med eit felles oppdrag

Diakoni

Be og vise omsorg for nesten

Skape trygge møteplassar med låg terskel til, fellesskap og sjelesorg

Verne om skaparverket og kjempe for rettferd og menneskeverd

Undervisning

Gjere trua på den treeinige Gud kjent og erfart

Invitere til dåp og gje planmessig trusopplæring for alle døypte 0-18 år

Utruste barn, unge og vaksne til å leve som kristne

Trygge medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap i ein demokratisk og vel-fungerande organisasjon

NOTAT TIL BUDSJETT – MØRE 2021

PROSJEKT JULEKRYBBE 2021 I MØRE

Jeg har fått flere henvendelser fra prester i Møre som har sett bilder av Bragernes julekrybbe (Drammen, Tunsberg) – eller har sjekket den ut på Facebook. Bragernes julekrybbe ble etablert i Bragernes, Drammen i 2016 og har blitt omtalt i ulike medier (VL, NRK TV, Dagen, Drammens Tidende (DT), og i 2020 et stort oppslag i Krigsropets desember nummer) og omtales som nord-Europas største!

MANGFOLD I UTTRYKK OG BRUKSMÅTER

En julekrybbe kan ha mange uttrykk – fra den enkle til den store. På ulike måter forkynner den juleevangeliet til små og store gjennom advent og julehøytid. Den kan være et godt sted for ekskursjoner/vandringer for barnehager eller skoleklasser, eller ulike grupper som deltar i menighetens trosopplæring. Den kan være utgangspunkt for stille refleksjon når noen vandrer forbi den på kjøpesenter/butikkvindu. Eller den kan åpne opp for mange slags samtaler om livet når den står sentralt plassert på torget eller foran kirken.

FRA ASSISI TIL MØRE

Selv om tradisjonene har sin opprinnelse fra den katolske kirke (første kjente julekrybbe ble rigget av Frans av Assisi år 1223 i Italia) har den blitt mer og mere tilgjengelig i mange land. Lokalt kan en julekrybbe også utløse og skape engasjement, både med lokalt næringsliv og gjennom å forene ulike lokalmenigheter i et felles tverrkirkelige engasjement.

FORSØK I MØRE 2021

Etter en kort presentasjon for staben tidligere denne måneden, med påfølgende positive reaksjoner, er det tid for å spørre: kan Møre bispedømme legge til rette for, og stimulere til at enda flere tar i bruk og bidrar til at det offentlige rom i julehøytiden preges av julens budskap? Kan det skje i rammen av tildeling under pandemien, eller alternativt som en del av årsplan/budsjett 2021?

Vi ber om at Møre bispedømmeråd setter av midler for 2021 til følgende prosjekt «Flere julekrybber i Møre».

Vi ønsker å lage to modeller. Utvendig består julekrybbene av et montre av pleksiglass slik at utstillingen kan stå beskyttet mot hærverk eller vær. (inne eller ute). Innvendig består julekrybbene av håndlagete figurene som kjøpes inn fra en fabrikk i Murcia, Spania.

Modell A har størrelsen 0,5 m x 0,5 x 3 m og rommer tre scener (Stallen, gjeterne på marken og de 3 vise menn).

Modell B har størrelsen 0,5 x 2 m x 3 m og rommer totalt 6 scener (Stallen, gjeterne på marken, de 3 vise menn, bebudelsen, innskrivingen i Manntall, og Herberget i Betlehem).

Begge modellene kan bygges ut på sikt med flere scener som f.eks (besøket i tempelet etter 8 dager og flukten til Egypt). Begge modellene ferdigstilles før presentasjon.

VI foreslår at det settes av 150 000 kr til å lage to ulike modeller.

Dersom bispedømmerådet ønsker at flere menigheter eller prostier skal få mulighet til sin utgave må beløpet økes tilsvarende.

Planen er at disse modellene er klare i løpet av våren og presenteres for prostene/prestene/menighetene i mai. Etter dette kan modellene

- a) gis til prostiene,
- b) selges til prostiene mot en egenandel,
- c) lånes ut.

Forslag til prosjektleder: Lars Skagestad.

Ser fram til en vurdering i forhold til årsplan og budsjett for neste år.

13.nov 2020


Lars Skagestad

Rådgiver

Ingeborg Midttømme

Biskop

BILDER fra Bragernes Julekrybbe



Grovskisse til budsjettModell a:

Pleksiglass/monter:	7500 kr
Figurer modell a:	25000 kr
Importavgift	2500 kr
Frakt	2500 kr
Arbeid:	12500 kr
SUM	50000 kr

Modell b:

Pleksiglass/monter:	10000 kr
Figurer modell b:	45100 kr
Importavgift	2500 kr
Frakt	2500 kr
Arbeid:	12500 kr
SUM	75600 kr

Figurer:

Stallen og fødsel	350 Euro
Gjeterne og dyr	500 Euro
Tre vise menn	1100 Euro
Kameler	300 Euro
Div	250 Euro
Sum	2500 Euro

Bebudelsen	550 Euro
Innskrivingen	300 Euro
Herberget	210 Euro
Hus og dyr	200 Euro
Motoriserte deler	800 Euro
Diverse	250 Euro
Sum	2310 Euro

Monter (bygget) _____ Kjøpt

Glass	3500 kr
Stender	2000 kr
U-skiner	500 kr
Plater og skruer	1500
Sum	7500 kr

SUM 7500 – 20000 kr (OBS eksempel)



<https://www.plexon.no/plexiglass-utstilling-profilering>



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Geir Sakseid	600	20/04027-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
82/20	Møre bispedømmeråd 2020-2023	04.12.2020

Høyring: Helhetlig menighetsplan

Vedlegg:

19_00950-39Høyring - helhetlig menighetsplan med vedlegg.pdf

Saksorientering

Kyrkjerådet har sett i gang eit arbeid med å utarbeida ein elektronisk mal for planarbeidet i kyrkjelydane. Denne er kalla «helhetlig menighetsplan», og tar utgangspunkt i den elektroniske planen for trusopplæringa, som kyrkjelydane kjenner frå før. Tanken er at ein skal samla alle planane i kyrkjelyden i ein ny, heilskapleg kyrkjelydsplan. Dette skal gi kyrkjelyden eit godt verktøy for å arbeida strategisk med utvikling av kyrkjelydsarbeidet. Det nye digitale verktøyet skal også gjera lokale planar og rapportar lettare tilgjengeleg på prostnivå, i bispedømet eller på nasjonalt nivå, slik at t.d. arbeidet med visitasførebuing blir gjort enklare.

Det vedlagte høyringsdokumentet gir oss først bakgrunnen for arbeidet og gir deretter detaljerte forklaringar til strukturen i malen. Spørsmåla i høyringa er knytt til detaljar rundt denne malen, men det er også høve til å gi kommentarar av meir generell karakter.

Som ein del av arbeidet med planen, bad kyrkjerådet om høyringssvar frå fem kyrkjelydar i kvart bispedøme. I Møre bispedøme har me bede desse kyrkjelydane svara: Hareid, Stranda, Vestnes, Molde domkirke, Kristiansund. Høyringssvar er blitt sendt inn direkte frå kyrkjelydane, men me har også fått kopi av (dei fleste) svara. Møre bispedømmeråd noterer seg at kyrkjelydane i all hovudsak er svært nøgde med forslaget til mal for heilskapleg kyrkjelydsplan. På bakgrunn av dette vil rådet senda inn eit høyringssvar der me sluttar oss til dette synet, og vil særleg kommentera følgjande punkt:

- Me reknar med at malen vil bli tilgjengeleg også på nynorsk og samisk når den er klar.
- Malen vil kunna vera ein god reiskap for kyrkjelydane til å reflektera og planlegga systematisk og metodisk på tvers av dei ulike fagfelte.
- Det er bra at aktivitetar som kyrkjelyden planlegg, kan kategoriserast som meir enn eitt fagområde.
- Det er viktig at årshjulet som planen genererer, kommuniserer direkte med dei andre digitale verktøya kyrkjelydane brukar i arbeidet sitt, og blir synkronisert med desse.

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd sluttar seg til høyringssvaret slik det er formulert i saksorienteringa.



DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet

Møre biskop
Moldetrappa 1
6415 MOLDE

Dato: 29.09.2020

Vår ref: 19/00950-39

Deres ref:

Høring - helhetlig menighetsplan

Helhetlig menighetsplan sendes med dette på høring. Utsendelsen inneholder to dokumenter: Selve malen og et bakgrunnsdokument som forklarer arbeidet som har vært gjort med utviklingen av malen og tenkningen knyttet til den. Høringsspørsmålene knytter seg primært til malen, og samtidig er bakgrunnsdokumentet nyttig for å forstå hva som er ment med malen.

Lenke til høringsskjema for å avgi svar er <https://surveys.enalyzer.com?pid=h3qen6sp>. Denne ligger også på www.kirken.no/hoeringer. Vedlagt følger oversikt over spørsmålene som ligger i skjemaet.

Høringsfristen er satt til 10. desember 2020. Alle kan avgi høringsuttalelse. Høringsuttalelser er offentlige etter offentleglova og vil bli publisert på kirken.no.

Det er avgjørende at helhetlig menighetsplan kvalitetssikres som et godt verktøy i ulike menigheter. Kirkerådet ber derfor hvert av bispedømmerådene kontakte fem menighetsråd som utfordres til å gi høringssvar.

Med vennlig hilsen

Ingrid Vad Nilsen
direktør

Jan Christian Kielland
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:
Bakgrunnsdokument om mal for helhetlig menighetsplan
Mal for helhetlig menighetsplan
Spørsmål i elektronisk innsendingsskjema

Mottakere: Agder og Telemark bispedømmeråd	Postboks 208	4662 KRISTIANSAND S
Borg bispedømmeråd	Bjarne Aasgt. 9	1606 FREDRIKSTAD
Bjørgvin bispedømmeråd	Postboks 1960	5817 BERGEN
Hamar bispedømmeråd	Postboks 172	2302 HAMAR
Nidaros bispedømmeråd	Kongsgårdsgata 1a,Erkebispegården	7013 TRONDHEIM
Nord-Hålogaland bispedømmeråd	Postboks 790	9258 TROMSØ
Oslo bispedømmeråd	Postboks 9307 Grønland	0135 OSLO
Stavanger bispedømmeråd	Lagårdsveien 44	4010 STAVANGER
Sør-Hålogaland bispedømmeråd	Tolder Holmers vei 11	8003 BODØ
Tunsberg bispedømmeråd	Postboks 10 Kaldnes	3119 TØNSBERG
Møre bispedømmeråd	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
Hamar biskop	Postboks 172	2302 HAMAR
Nidaros biskop	Kongsgårdsgata 1a,Erkebispegården	7013 TRONDHEIM
Oslo biskop	Postboks 9307 Grønland	0135 Oslo
Bjørgvin biskop	Postboks 1960	5817 BERGEN
Nord-Hålogaland biskop	Postboks 790	9258 TROMSØ
Agder og Telemark biskop	Postboks 208	4662 KRISTIANSAND S
Møre biskop	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
Stavanger biskop	Lagårdsveien 44	4010 STAVANGER
Tunsberg biskop	Postboks 10 Kaldnes	3119 TØNSBERG
Borg biskop	Bjarne Aasgt. 9	1606 FREDRIKSTAD
Sør-Hålogaland biskop		
Kirkelig Undervisningsforbund	Rådhusgata 1-3	0151 OSLO
Det Norske Diakonforbund	Rådhusgate 1-3	0151 OSLO
Den norske kirkes presteforening	Postboks 437 Sentrum	0103 OSLO
Det teologiske fakultet	Postboks 1023 Blindern	0315 OSLO
Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter - KA Fakultet for teologi, diakoni og ledelsesstudier, VID - vitenskapelige høgskole Fagforbundet - TeoLOgene Creo	Postboks 9007, Grøland	0133 OSLO
MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn NLA Høgskolen	Postboks 74 Sandviken	5812 BERGEN

Bakgrunnsdokument om mal for helhetlig menighetsplan

Prosessen med utarbeidelse av malen

Kirkerådet vedtok i KR 31/19:

1. Kirkerådet ber om at det igangsettes et arbeid med å utvikle maler og digitale verktøy for å bidra til at menighetene på en enkel måte kan utarbeide helhetlige menighetsplaner.
2. Det etableres en tverrfaglig arbeidsgruppe med deltakere fra Kirkerådets sekretariat og bispedømmeadministrasjon, samt lokalt kirkelige ansatte som referansepersoner.

Arbeidsgruppen, som bestod av fire ansatte på bispedømmenivå og fire ansatte på Kirkerådsnivå, ble opprettet i slutten av 2019 og jobbet fram til mai 2020. I mai 2020 ble utkast til helhetlig menighetsplan sendt til 35 personer i lokalkirken, inkludert både ansatte og folkevalgte. De 35 var fordelt på alle bispedømmer og de ansatte var fordelt på ulike kirkelige stillinger. 27 av disse avga svar i elektronisk skjema. Svarene er beskrevet i saksdokumentet til Kirkerådets behandling av malen i KR 57/20.

Formål

Formålet med helhetlig menighetsplan er å gi menigheter i Den norske kirke et verktøy for å jobbe strategisk med utvikling av menighetens arbeid. Helhetlig menighetsplan er både en strategisk plan som ser overordnet på menighetens kontekst, ressurser, utfordringer og mål, og en handlingsplan som beskriver de aktiviteter som menigheten velger å gjøre utover alminnelige gudstjenester og kirkelige handlinger. Gjennom dette har den mange likheter med oppbygningen i menighetens planer for trosopplæring, kirkemusikk og diakoni.

Gjennomgang av malens struktur

Arbeidsgruppa som har jobbet våren 2020 foreslår at helhetlig menighetsplan skal bestå av 3 hoveddeler, hvorav hoveddel 2 har 4 underdeler (her a-d). Her følger beskrivelse og forklaring av delene:

1. Automatisk generert informasjon om menigheten

Rasmus Elias Myklebust (Sykkylven), Iver Fiskaa Ødegård (Ulstein), Arnstein Lystad Johnsen (SubUrban,Molde), Aurora Molnes Hagelund (Spjelkavik)

Det er fleire saker som ungdomsrådet brenn for. Representantar for det nyvalde rådet tar del på bispedømmerrådet sitt møte. Dei vil gjerne presentere seg sjølve og leggje fram aktuell informasjon.

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tar informasjonen og utfordringane frå repr. i ungdomsrådet til vitande.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme

Årsmelding 2019

Ungdomsrådet:

Ylva Elisabeth Bjørnes (Leiar)
 Olai Eide Stavseng (Nestleiar)
 Øystein Grimstad Thormodsæter (Medlem)
 Iver Fiskaa Ødegård (Medlem)
 Tordis Kanutte Frisvoll (Medlem)
 Sondre Svorkås (Medlem)
 Magner Sæbø (Varamedlem)
 Ane Marie Holm (Varamedlem)
 Marte Elvira Rolvsjord (Varamedlem)
 Odin Johan Sylte (Varamedlem)



Møte med Møre Bispedømmeråd

Det første møtet vi hadde var i Molde på Bispedømmekontoret, der vi møtte Bispedømmerådet. Seinare åt vi pizza, blei kjend med kvarandre og kosa oss.



Andakt i Ålesund

Iver hadde andakt i Ålesund Kyrkje den 12. Juni under konferanse til KUFO (kirkelig undervisningsforbund) . På andakta snakket han om ein salme som hadde stor personlig betydning for han. Salmen han valte heite "Velsigninga". Denne har stor betydning for han fordi han har alltid sunget den etter tensing øvingar, og dette har gjennom åra blitt eit veldig spesielt øyeblikk for han, fordi han virkelig har funnet sine folk i tensing og føler seg virkelig hjemme der.



«Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik.»

1.Timoteus 4,12



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme



Tur til Newcastle

Marte, Odin Johan og Ane Marie drog til Newcastle i England i august og deltok på YouthCamp. På denne leiren fekk dei både møte nye menneske og oppleve nye ting. Det var ein veldig fin og inspirerende tur. Newcastle er Møre sitt samarbeidsbispedøme, difor ønskja ungdomsrådet og knytte kontakt til ungdommar i dette området.

Ungdommens Kirkemøte 2019

Marte stilte opp på UKM på Hurdalsjøen frå 4.-8. Oktober. Temaet på Ungdommens Kirkemøte var "Nå spirer det frem". Her var det veldig mange gode og interessante saker som blei tatt opp. Det var og spennande utflukter som til dømes utflukta til

Grunnlovsbygninga på Eidsvoll. Ein annan flott ting som var i år var at heile UKM var at dei hadde eit ekstra fokus på klima, miljø og på det å vere berekraftig. Dette var ei kjekk og fin helg og Marte koste seg mykje.



Stand i Ulsteinvik

25.-27. oktober hadde vi stand i Ulsteinvik på den kristne ungdomsfestivalen Alive. Ungdomsrådet ønskja å reklamere for Ungdomsrådet og kyrkja. Her vart det delt ut sjokolade og klemmer, og det var svært stor interesse blant publikum.

«Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik.»

1.Timoteus 4,12



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme

Marte skreiv andakt til ein adventskalender

I sommer fekk vi spørsmål av Åkerlehaugen Retreatsenter om vi hadde lyst å skrive ei andakt i ein julekalender som dei brukar å gi ut kvart år. Fine Marte stilte sjølvstilt gledeleg opp og skreiv ei fantastisk andakt.

Møte på Stranda

Den 31. Januar vart det arrangert møte på Stranda Kyrkjestove. Her begynte rådet med pizza og kos, deretter fortsatte vi med planlegging av ungdomstinget 2020. Vi gjorde også ein del oppgåver som var relevante for programmet til Ungdomstinget.

Møte på Sjøholt

03. Mars 2020 hadde vi det siste møtet med Ungdomsrådet før Ungdomstinget. Her brukte vi tida på å finpusse og planlegge siste rest av forberingane til Ungdomstinget som skulle være på Philipshaugen i Øksendal.



Tusen hjarteleg takk!!

Vi i Ungdomsrådet vil gjerne takke dykk for all oppmerksamheita, hjelpa og frimodigheita vi møter i Bispedømmet. Vi vil også gi ei spesiell takk til Inger Marie(Mie) Jakobsen Sylte som har stått på og vore ved vår side heile vegen. Hjarteleg takk for tilliten og støtta.

10.mars 2020

Ref. Leiar Ylva Elisabeth Bjørnes



«Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik.»

1.Timoteus 4,12



VELKOMEN TIL UNGDOMSTING 2020, 23.-25. OKTOBER I ULSTEINVIK

Takk for at du vil bli med på Ungdomsting 2020! Vi gler oss til å møte deg! Du skal få bu på Quality hotell Ulstein. Vi vil veksle på å ha program i kulturhuset «Sjøborg» (som ligg vegg i vegg med hotellet) og på KFUK-KFUM huset «Fredheim» (som ligg fem minutters gange frå hotellet).

Biskop Ingeborg Middtømme deltek under Ungdomstinget og ho ser fram til samtale med deltakerene. Det blir også med medlemmer frå ungdomsrådet, Rådgivar for diakoni Eline Rabbevåg og ein vaksenleiar som skal sjå til at alle har det bra.

I år kjem vi til å også delta på den kristne ungdomsfestivalen Alive (<https://www.alivefestivalen.no/program-ulsteinvik-2020>) . Vi kjem til å veksle litt med å delta på sjølve Ungdomsting og Alivefestivalen. I program for Ungdomsting så er **Alivefestivalen markert med grønt** og det som høyrer til **Ungdomsting med raudt**. Ved å vere påmeldt til Ungdomsting, så er du også påmeldt til Alive.

ROM FOR MEININGAR

I år har Ungdomsrådet satt ei overskrift for Ungdomstinget: «Rom for meiningar».

Ungdomsrådet har satt opp to saker til Ungdomsting 2020:

Sak 1: **DEBATTKLIMA – Korleis snakkar vi om og til kvarandre**

Vi som kristne må vere bevisst ordbruken vår. Korleis kan vi som unge vere eit godt førebilete for andre?

Sak 2: «**Venna sjølve om oss e uenige**»

I kyrkja skal det vere rom for den enkelte sjølve om ein har ulike teologiske standpunkt. Korleis kan vi vere med å løfte opp eit godt samarbeid og venskap samtidig som vi har ulike meiningar?



Nye medlemmer til Ungdomsrådet – Kan du tenke deg å bli med som medlem av rådet

Medlemmer til Ungdomsrådet i Møre blir valgt blant delegatene på Ungdomstinget. Ungdomsrådet har ordinært 4 møter i året, og spiller ei viktig rolle som rådgjevande organ i ungdomsspørsmål, for Møre biskop og Møre bispedømmeråd. Medlemmene i Ungdomsrådet får god innsikt i bispedømmet sitt arbeid og får blant anna høve til å delta som delegat på det nasjonale Ungdommens kirkemøte (UKM). På søndagen skal det vere valg. Tenk på om dette kan vere noko for deg! Løpet av helga kan interesserte melde seg.

Reiseveg

Last ned fram-appen. Her kan du leite opp best muleg måte å kome seg fram på og du kan kjøpe billetter via appen.

Fredag 23.oktober: Det går ein buss frå Moa til Ulsteinvik kl 16:00 og som er framme til kl 17.20. Kanskje fleire kan ta denne?

Løpet av helga kan vi samtale med deg om kva avreisetidspunktet på søndagen som vil passe deg. Vi er behjelpelig med å legge til rette for den reiseløysninga som er best for deg.

VELKOMEN TIL UNGDOMSTING!

Ungdomsrådet ønskjer at alle skal oppleve ei fin helg 😊



Har du nokre spørsmål?

Ta då kontakt med Rådgivar for ungdom, Inger Marie Jakobsen Sylte:

Send mail til is969@kirken.no eller ein sms til tlf. 997 17 442



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme

Di kyrkje – Mi framtid

Ungdommen i dag er kyrkja si framtid.

Vår stemme bør bli høyrte.



Ungdomsting 2020, 23.- 25. oktober i Ulsteinvik:

FREDAG 23 oktober	
Kl. 18.00	Registrering på hotell Scandic
Kl. 18.30	Bli-kjent-tur. Oppmøte resepsjonen
Kl. 19.00	Kveldsmøte - Sjøborg
Kl. 20.30	Pause og mat
Kl. 21.30	Underholdning - Sjøborg
Kl. 23.00	Ro



LAURDAG 14.MARS	
Kl. 08.00	Frukost
Kl. 09:00	Opning av Tinget - Fredheim
Kl. 09:30	Ungdomsrådet fortel: «Kva skjedde?» 1. Ungdomscamp i Newcastle 2. UKM (Ungdommens kirkemøte) - Fredheim
Kl. 10:00	Presentasjon av saken og diskusjon med «talkshowvri» - Fredheim
Kl. 11.00	Workshop - Fredheim
Kl. 12.00	Formiddagsmøte - Sjøborg
Kl. 13.30	Lunsj - Sjøborg
Kl. 14:15	Grill ein kristen - Sjøborg
Kl. 15:00	Alive Corona games - Sjøborg
Kl. 16.30	Middag - Fredheim
Kl. 18.00	Kveldsmøte - Sjøborg
Kl. 19.30	Kveldsmat - Fredheim
Kl. 20.30	Underholdning - Sjøborg
Kl. 22.00	Lovsangsfest - Sjøborg
Kl. 00.30	Ro!

SØNDAG 15.MARS	
Etter frukost tek vi med oss bagasjen til Fredheim og har resten av programmet der.	
Kl. 08.00	Frukost, pakking, utsjekking
Kl. 09.00	Ord for dagen med biskopen
Kl. 09.15	Oppvarming
Kl. 09.30	Arbeid med case i grupper
Kl. 11.00	Open talerstol
KL.11.30	Grill ein biskop
Kl. 12.00	Valg
Kl. 13:00	Matbit
Kl: 14:00	Vel heim!



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedøme

Di kyrkje – Mi framtid

*Ungdommen i dag er kyrkja si framtid.
Vår stemme bør bli høyrtd.*



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Elise Lindvåg Solemdal	421	20/00282-9	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
86/20	Møre bispedømmeråd 2020-2023	04.12.2020

Referat til møte 04.12.2020

Vedlegg:

Referat RAMU Møre 18.11.2020

Referat frå regionalt kontaktmøte i Møre av 5. november 2020

Protokoll fra Kontaktmøte 04.11.2020.pdf

Saksorientering

Vedlagt ligg fylgjande referat:

- RAMU 18. november
- Regionalt kontaktmøte 5. november
- Sentralt kontaktmøte 4. november 2020

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tek referata til vitande.



DEN NORSKE KYRKJA

Preses i Bispemøtet

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 26.11.2020

Vår ref: 20/02030-12

Dykkar ref:

Referat RAMU Møre 18.11.2020

Møtestad: Møre bispedømekontor, Moldetrappa 1, Molde

Til stades:

For arbeidsgjevar møtte: Biskop Ingeborg Midttømme, stiftsdirektør Bjørn Olaf Storhaug, personalsjef Alice Elnes.

For arbeidstakarane møtte: Hovudverneombod prestane i Møre Erlend Lunde, Leiar PF Møre Ragnhild Fugelseth (digitalt via Teams), Verneombod Bispedømekontoret John Erik Brakstad

Referent: Rådgjevar personalavdelinga Tore Johan Øvstebø

Sak 20/20 Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå RAMU 10.09.20.

Vedtak: Ingen merknader

Sak 21/20 Referatsaker

- a. Sjukefråvær 3. kvartal.
Det er ei utfordring å finne vikarar i dei prostia som er hardast ramma. Det vart stilt spørsmål frå arbeidstakarsida om det var mulig i sette i verk særskilde tiltak for å ivareta tilsette som får ekstra belastning i prosti med særleg høgt sjukefråvær.
- b. Rekneskapsrapport pr. september 2020
Prognosen viser eit forventa mindreforbruk i 2020 på 3 mill. – fordelt på 2 mill. til presteneste og 1 mill. til administrasjon. Dette gir eit visst handlingsrom i driftsbudsjett for 2021.

Sak 22/20 Årsplan og budsjett Møre bispedøme 2021

Årsplan og budsjett for 2021 var lagt fram til drøfting. RAMU ser at begge deler er utforma med utgangspunkt i eit «normalår». Samstundes er både arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida inneforstått med at pandemien også vil prege store deler av 2021.

Sak 23/20 HMS-revisjon Møre, behandling av rapport

Rapporten påpeikar 6 avvik som Møre Bispedøme har ansvar for å følge opp og lukke i samsvar med tidsfristar som er oppgitt.

Vedtak:

Ramu Møre bed om at avvika nedanfor, som kjem fram i «Rapport fra HMS-revisjon Møre», vert fulgt opp og lukka innan fristane som er gitt.

Avvik 1. «Hovedverneombud kommer for sent inn når det gjelder medvirkning»

Tiltak: Arbeidsgjevar vil etablere ein tettare og meir strukturert dialog mellom personalavdelinga ved bispekontoret og hovudverneombodet for å sikre at hovudverneombodet raskare kan involverast i saker som har med HMS å gjere.

- Hovudverneombod deltek i kontaktmøte (digitalt eller ved frammøte)
- Hovudverneombod har regelmessig kontakt med lokale verneombod for å fange opp saker under utvikling
- Klargjere ansvar mellom hovudverneombod og verneomboda i prostia og ved bispedømmekontoret.
- Arbeidsgjevar etablerer sjekklister for når hovudverneombod skal involverast i saker som vedkjem arbeidsmiljø, helse og tryggleik
- Personalavdelinga kontaktar lokalt verneombod rutinemessig i personalsaker som påverkar arbeidsmiljø lokalt. (Viktig å påpeike at rolla til verneomboda ikkje er å gå inn i konfliktsaker, men å påpeike utfordringar for arbeidsmiljø)
- Alle verneombod må kjenne internkontrollforskrifta

Tidsfrist: Snarast

Avvik 2. «Manglende samordningsavtaler om HMS med Fellestråd»

Tiltak: Purre på fellestråd angående samordningsavtaler. (jfr. Vedtak i sak 26/20)

Tidsfrist: Innan 31.12.2020

Avvik 3. «Årshjul og HMS-handlingsplan mangler i webbasert HMS-plan»

Tiltak: Arbeidsgjevar får fullmakt til å revidere tidlegare årshjul for RAMU, og lage HMS-handlingsplan. Begge deler skal sendast medlemmene i RAMU til gjennomsyn.

Tidsfrist: Innan 31.12.2020

Avvik 4. «Ikke kultur for å melde avvik. Obs. ny kopirutine FR/prost»

Tiltak: Vi vil endre kulturen ved å framheve at avviksmeldingar har eit positivt formål. Vi vil bruke prostilagssamlingar og personalmøte ved bispedømmekontoret til å gi konkret informasjon om korleis ein skriv ei avviksmelding – og korleis desse vert brukt i det systematiske HMS-arbeidet.

Tidsfrist: Innan 31.12. 2021

Avvik 5. «Ledelsens årlige gjennomgang av internkontroll ikke gjennomført».

Tiltak : Det er sett opp møte like over nyttår 2021 der leiinga i Møre bispedømme vil gå igjennom internkontrollen.

Avvik 6 «Vernerunder ikke gjennomført på Bispedømmekontoret. Mangler rapportering fra prost/FR».

Tiltak: Vernerunder skal gjennomførast kvart år på bispedømmekontoret. I samsvar med samarbeidsavtalen skal det også gjennomførast slike vernerundar årleg på dei ulike arbeidsplassane i fellestråda, der prost deltek i førebuing og gjennomføring - og oppfølging. (Jfr. Sak 26/20) Innhald i vernerundar må avklarast nærare i dialog mellom arbeidsgjevar og tilsette.

Tidsfrist: Innan 31.12. 2021

Sak 24/20 HMS-dagen våren 2021.

Vedtak: HMS-dagen våren 2020 vert lagt til 26. mai 2021. Dagen må leggast til hotell som kan ivareta corona-reglar. Innspel frå RAMU til aktuelle tema:

- Kva har pandemien gjort med arbeidssituasjonen i DnK?
- Samarbeidsavtalen med fellesråda om lokalt HMS arbeid – kva inneber den i praksis?
- Oppdatering frå gruppa «Organisering av vernetjenesten og samvirke» der Ingeborg Midttømme er medlem.
- Arbeidsmiljøundersøkinga – korleis får vi meir ut av den?

Sak 25/20 Manglande samordningsavtaler med Fellesråda om lokalt HMS-arbeid.

På bakgrunn av pålegg både frå Kyrkjemøtet sitt kontrollutval og HMS-revisjon, er det svært viktig å få dette på plass raskt.

Vedtak: RAMU bed om at einssidig signerte avtaler frå Møre bispedømeråd vert sendt ut til alle fellesråd i Møre med tydeleg forventning om at dei vert signert av fellesråda og returnert innan 31.12.2020 til Møre bispedøme.

Sak 26/20 Covid-19 – utvikling med vurdering av konsekvensar for DnK i Møre.

Hovudverneombod: Mange tilsette er slitne i kyrkjestabane rundt omkring. Krevjande å stadig bli møtt med forventningar om å vere stadig meir kreative. Arbeidsgjevar må gjentatt signalisere at det er lov å legge ned lista. «Vær gjerne kreativ - men du skal også sleppe å være kreativ heile tida.» Krevjande også å stå i stor usikkerheit om kva som skjer vidare framover. Men: vi har trass alt jobb, inntekt og tryggleik som mange andre arbeidstakarar ikkje har. Det er mange prestar som taklar pandemi-krisa bra - men samtidig ser vi ein aukande slitasje.

Biskopen vil ikkje pålegge prestane å strekke seg lengre og lengre, men heller spørje seg kva som er mogleg innanfor lokale rammer og normal arbeidstid. Ho er takksam for alle som klarer å bygge folkekyrkjeidentitet gjennom digitale gudstenester. Så er det krevjande at dei same smittevern-reglane gjeld for Smøla som for andre stader, sjølv om det så langt ikkje er nokon smitta på Smøla. (Biskopen viser elles til brev som er sendt ut til tilsette.)

Krisa kjem til å vare ved. Derfor er det viktig at RAMU har denne saka på agendaen. Ramu erkjenner at det er ein krevjande situasjon der ute - og det er viktig å ta vare på arbeidsmiljøet i tett dialog med prostane. Vi må ha fokus på helsefremjande arbeid i ei krevjande tid.

Sak 27/20 FAFO-rapport: «Å være en sak - LHBT-holdninger og arbeidsmiljø i kirken.» Funna i rapporten vart drøfta i møtet.

Vedtak: Ramu ser at situasjonen for tilsette i DnK med LHBT-identitet har blitt lettare over tid. (Jfr. side 73). Vi ser også at tilsette i LHBT-gruppa uttrykker langt større utfordringar og problem i relasjonen til kyrkjelyd og frivillige, enn til leiarar og kollegaer (jfr. Side 49 og 70). Arbeidsmiljølova gir oss ingen verktøy i forhold til kyrkjelydsmedlemmer og frivillige. RAMU Møre vil følgje med på situasjonen for våre tilsette.

Sak 28/20 Revisjon av gåvereglement Møre bispedøme

Vedtak: RAMU stiller seg bak «Rammer og hovudlinjer som vart lagt fram for RAMU til uttale, med små justeringar. Jfr. Vedlegg til referatet.

Sak 29/20 Konsekvensar av omstillingsprosess i DnK nasjonalt og i Møre (fast sak)

RAMU er inneforstått med at omstillingsprosessen i DnK vil halde fram og at det vil komme store endringar framleis. Viktig at tilsette vert involvert og informert om pågåande prosessar.

Sak 30/20 AKAN (fast sak)

Ingen innmelde saker.

Sak 31/20 Aktuelle personalsaker (fast sak)

Orientering ved personalsjefen.

Med helsing

Tore Johan Øvstebø
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Møre bispedømmeråd, Ingeborg Midttømme	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
Møre bispedømmeråd, John Erik Brakstad	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
Møre bispedømmeråd, Bjørn Olaf Storhaug	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
Møre Avdeling for personal og administrasjon, Alice Elnes	Moldetrappa 1	6415 MOLDE
KR - Seksjon for HR - Human Resources, Håvard Sporastøyl	Postboks 799 Sentrum	0106 OSLO
Soknepresten i Ikornnes, Erlend Lunde		
Presteforeningen i Møre v/Ragnhild Annie Fugelseth		

**DEN NORSKE KIRKE**

Sentralt kontaktmøte for Den norske kirke

Møteprotokoll

Sentralt kontaktmøte for Den norske kirke

Møtedato:	04.11.2020 kl. 11:00
Møtested:	Kirkens hus, møterom Bjørgvin/KR VMR Babels tårn
Arkivsak:	19/04294
Til stede:	Ingrid Vad Nilsen, Jan Rune Fagermoen (fravær under sak 31/20), Elise Sandnes, Martin Enstad, Ingvild Osberg, Gry Friis Eriksen, Solfrid Rong, Ragnhild Halle
Møtende varamedlemmer:	Kristian Kopperud (Sak 31/20), Eike Ziller-Off
Forfall:	Olav Fykse Tveit, Thore Wiig Andersen, Jorund Andersen
Andre:	Hilde Fylling
Protokollfører:	Håvard Sporastøyl

Sted, 24.11.2020

Ingrid Vad Nilsen
lederHåvard Sporastøyl
sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste godkjent. Unio/Presteforeningen viste innledningsvis til at det er brudd i lønnsforhandlingene, men at medbestemmelse på alle nivåer i virksomheten fortsetter som før fram til et eventuelt brudd etter mekling hos Riksmekleren. Arbeidsgiver tar dette til etterretning. UNIO/Presteforeningen uttrykker også at det hadde vært ønskelig at vararepresentant fra Bispemøtet hadde vært til stede.

Godkjenning av protokoll

Protokoll fra møte 21.09.2020 gjennomgått.

Orienteringssaker

29/20 Orienteringssaker

Orientering fra arbeidsgiver:

- ROS-analyse i forbindelse med koronapandemien er oppdatert pr 26.10.2020.
- Arbeidsgiver beklaget at arbeidstakerorganisasjonene på grunn av koronapandemien ikke kunne være fysisk til stede på Kirkemøtet 2020 i oktober. Valg og oppnevninger stod sentralt.
- KR i desember vil bl.a. behandle saker om kristne migranter og frivillighet som har hatt et alternativt løp i år fordi KM i april ble utsatt. Saker om den globale kirke og Mer himmel på en truet jord skal behandles på vei til KM 21. KR skal også behandle digitaliseringsstrategi for Den norske kirke og en sak om forlengelse av mandatperioden til LHBT-utvalget.
- Vi forventer nye innstramminger når det gjelder koronapandemien. Oppdateringer på kirken.no/korona.
- Brev vedrørende tilhørende barn går ut til alle berørte foreldre som er medlem i Dnk tirsdag 10. november.
- Orientering fra Bispemøtet gis i neste møte.

Orientering fra arbeidstakerorganisasjonene:

- Presteforeningens generalforsamling holdes digitalt fra 15. – 17. mars. Det vurderes om det vil bli regionale samlinger for delegatene. Forslag på nye medlemmer som skal velges til sentralstyret er nå offentlig. Representantskapets forslag til ny strategi- og handlingsplan er sendt ut til høring i organisasjonen.
- Presteforeningen er imponert over gjennomføringen av Kirkemøtet 2020 i et smittevernperspektiv, og ber om at det blir avklart i god tid før neste Kirkemøte hvordan synspunkter fra fagforeningene kan komme til uttrykk hvis det ikke gjennomføres komitebehandling, eller det vil være begrenset tilgang.
- Fagforbundet teOLOgene. Var til stede på Kirkemøtet, noe redusert samtale og møter med delegater. Stiller seg undrende til utfallet av saken om lukkede komitemøter i Kirkemøtet. Har gjennomført tillitsvalgtopplæring i Trondheim. Fagforbundet i Oslo følger med på heltid-/deltidsproblematikk blant kirkens ansatte (FR/MR). Nytt styre i teOLOgene velges på årsmøte i 2021. En god del arbeid med oppfølging av arbeidstakere i koronatiden.
- Parat. Etterlyser evaluering av effektiviseringsprosessen og hvem som følger opp dette. Arbeidsgiver opplyser at etterspurt tallmateriale er tidkrevende å fremskaffe, men evalueringsrapporten blir offentlig så snart dette foreligger.

Saker til behandling

30/20 Budsjett 2021

Jan Rune Fagermoen orienterte om budsjett 2021 og svarte på spørsmål fra arbeidstakerorganisasjonene. Det er kalkulert med et mindreforbruk i 2020 på 33 mill. kroner. Et forventet mindreforbruk på pensjon for 2021 vil ikke bli pløyd inn i drift, men avsettes til fremtidige pensjonskostnader.

UNIO/Presteforening påpekte behov for oppdatering av TID og at det må med i budsjettet, og stilte spørsmål ved om det er underforbruk på overtid og at dette i stedet blir tatt ut som avspasering.

Arbeidsgiver: Oppdatering av TID er med i anskaffelsen av nytt LPR-system.

Unio/Presteforeningen spurte hvilke forhold som gjør at det blir rom for en stillingsvekst i Kirkerådet nasjonalt.

Arbeidsgiver: Noe av økningen er forårsaket av innsourcing fra eksternt tjenestekjøp til egne ansatte, og noe skyldes satsinger som f.eks. digital kirke.

Fagforbundet teOLOgene stiller spørsmål ved om prestedtjenesten synes å være blitt nedprioritert. Det har vært et krevende år for prestene i 2020, og det må ikke gjøres kutt her.

Arbeidsgiver: Det er ikke foretatt noen kutt i rammene til bispedømmene for 2021.

Det ble stilt spørsmål til formuleringer og innhold i forslaget til årsplan for KR 2021.

Arbeidsgiver merket seg synspunktene.

31/20 Rekrutteringsstrategi for Den norske kirke

Utkast til rapport og KR-sak om rekrutteringsstrategi ble drøftet.

Unio/Presteforeningen hadde disse tilbakemeldingene:

- rapporten gir mye og nyttig informasjon for å jobbe videre med rekruttering
- cand theol skal være hovedveien til prestedtjeneste, men rekrutteringskrisen krever økt søkelys på rekruttering av «second career»
- støtter at rekrutteringsarbeidet legger særlig vekt på de vigslede stillingene
- støtter styrket vekt på videreutdanning og HR, men spørrende til om dette kan gjøres felles for kirken så lenge man har to arbeidsgiverlinjer
- en rekrutteringsstrategi må si noe om lønns- og arbeidsvilkår
- ønsker PWC-rapporten så snart den er ferdig

Fagforbundet teOLOgene påpeker at det er en tilgjengelig prest som definerer oss som kirke. Dette bør komme tydelig frem.

LO mener at man ikke må se ensidig på de vigslede stillingene, og at administrative stillinger også er viktig for kirken.

Parat støtter spissing av rapporten til å gjelde det som var mandatet: øke rekruttering til de fire kirkefagstillingene diakon, kantor, kateket og prest.

Akademikerne savner kirkemusikerstillinger omtalt i saken.

Arbeidsgiver har merket seg synspunktene. KR-saken er under oppdatering, og nytt utkast sendes arbeidstakerorganisasjonene med en kort frist for tilbakemelding.

32/20 Medbestemmelse regionalt i forbindelse med opprettelse av nye stillinger m.v.

Hovedavtalen inneholder bestemmelser om drøftingsrett vedrørende opprettelse av nye stillinger, og hovedtariffavtalen inneholder bestemmelser om informasjon og drøfting om prinsippene rundt bruk av midlertidig tilsetninger.

Arbeidsgiver beklager at disse ikke er fulgt fullt ut i den foreliggende saken, og vil ta problemstillingen opp med bispedømmet og stiftsdirektørene.

33/20 Informasjon i forlengelse av Bispemøtets uttalelse om "Ordinasjon og kollegafellesskap"

Saken utsettes til neste møte da preses ikke var til stede. Det var enighet om at saken også tas opp i AMU-møte 11.11.2020.

Arbeidsgiver påpekte vår aktivitetsplikt når det gjelder arbeidsmiljø, og vurderer en kartlegging av kvinners arbeidsmiljø med sikte på å avdekke eventuell diskriminering i dag.

34/20 Videreutvikling av Tid

Kravspesifikasjon for videreutvikling av Tid ble lagt frem. UNIO/Presteforeningen uttrykker at de har fått svar på sine spørsmål under budsjettgjennomgangen. De vil melde inn sine synspunkter på svakheter ved dagens system til partssammensatt gruppe.

35/20 Frikjøp tillitsvalgte 2021

Det er enighet om at frikjøp tillitsvalgte videreføres på sitt nåværende nivå, det vil si totalt 220 % fordelt på UNIO/Presteforeningen 150 %, LO/Fagforbundet teoLOgene 40 %, YS/Parat 15 % og Akademikerne 15 %. Nasjonalt hovedverneombud frikjøpes med 80 %.

36/20 Møtedatoer 2021

Følgende møtedatoer for Kontaktmøte 2021 ble vedtatt:

- Torsdag 14. januar
- Torsdag 4. mars
- Torsdag 6. mai
- Torsdag 9. september
- Torsdag 28. oktober (budsjett)
- Torsdag 25. november

Møtetidspunktet vil vanligvis være fra 11.00 til 14.30.



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømmeråd

Godkjent referat

Kontaktmøte

Kontaktmøte med fagorganisasjonane i Møre bispedømme

Til stede: Ragnhild Fuglset, Anders Barstad og Ingrid Finsådal (PF). Kristian Finn Risung (TeoLOgene) og Geir Sakseid (plasstillitsvalt ved bispedømmekontoret).
Bjørn Olaf Storhaug (stiftsdirektør) og Alice Elnes (personalsjef).
Lars Skagestad deltok under personalrelaterte saker.

Forfall: Ingeborg Midttømme.

Dato: 5. november 2020.

Saker: 26/20-36/20.

Tal sider: 4

Møteleder: Arbeidstakarsida ved Ragnhild Fuglset.

Referent: Alice Elnes.

Kopi: Kyrkerådet, Møre bispedømmeråd, prostane, Regionale tillitsvalte, Regionalt hovudverneombod, TeoLOgene og PF sentralt og tilsette ved Møre bispedømmekontor.

Sak 26/20 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Pf etterlyste sakene dei hadde meldt på sakskartet. Arbeidsgjevar oppfatta at alle tema som var meldt av PF var avklart i informasjonsskrivet frå HR-avdelinga sentralt.

Etter spørsmål frå arbeidsgjevar, stadfesta arbeidstakarsida at saksbehandlarar ved bispedømmekontoret alltid er velkomne til å vere til stades i kontaktmøta for å lytte til aktuelle saker, så lenge ikkje anna er avtalt og det er balanse mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarsida.

Saka 59/20 frå Bispemøtet vart foreslått sett opp som eiga sak, og ikkje som ei orienteringssak. Med det vart innkalling og saksliste godkjent.

Sak 27/20 Referatsaker.

Følgjande referatsaker var lagt ved i saka:

- Regionalt kontaktmøte i Møre av 10.09.2020
- RAMU-Møre av 10.09.2020.
- Sentralt kontaktmøte av 21.09.2020
- Informasjonsskriv frå HR-avdelinga sentralt av oktober 2020.

Det var ingen spesielle kommentarar til referatsakene.

Sak 28/20 Informasjon frå arbeidsgjevarsida.

- Orientering frå biskopen om aktuelle tema og saker.
I Midttømme sitt frávær, refererte stiftsdirektøren frå biskopen sine saker.
- Visitasen i Aure er avlyst denne veka på grunn av biskopen si sjukemelding.

- Kompetanseutviklingsarbeidet stoppa opp i koronatida då både teologidagane og stiftsdagane vart avlyst. I tillegg fekk me svært få søkjarar til EVU. Biskopen har derfor lagt fram forslag om at arbeidsgjevar kan gje ein «boksjekk» til alle tilsette for på den måten å oppmode til sjølv å ta ansvar for den delen av ordinasjonsforpliktelsen. Reformasjonsåret var eit godt eksempel på at alle fekk lest seg opp på luthersk teologi i nyare forskning.

Arbeidstakersida synets dette var ein eit godt forslag. TeoLogane foreslo at prestane bør få velje mellom 3-4 bøker innanfor eit fagfelt som arbeidsgjevar har lagt føringar for.

Arbeidsgjevarsida orienterte om at det reint tekniske vil bli gitt nærare orientering, men at eit alternativ er at prestane kan legge refusjonskrav for boka direkte inn i Aditro Suiten slik som for reiserekningar. Arbeidstakersida ytra at dei heller ville heller ha eit gåvekort.

- Orientering frå stiftsdirektøren om aktuelle tema og saker.
 - Ny smittebølge av korona gjer at nye og skjerpa smitteverntiltak vert sett i verk frå måndag av. Relativt lite smitte i Møre, men det er likevel aukande. Ein vurderer risikoen fortløpande. Smittevernveggleiaren ligg alltid oppdatert på Kyrkjebakken og på heimesida.
 - Ein tilsett i Felles økonomieining vil bli overført til Møre bispedømmekontor frå 16. november. Vedkomande skal hovudsakleg arbeide med merkantile oppgåver.
- Orientering frå personalsjefen om aktuelle saker.
 - Ledige stillingar og delvis plan for tilsetting vart gjennomgått. Oversikta ber sterkt preg av mange prestevikarar i studieløp.
 - Gåvereglementet er fortsett ikkje heilt ferdig og vil bli ettersendt til tillitsvalde for uttale.

Sak 29/20 Informasjon og saker meldt frå arbeidstakersida.

TeoLogane

Orienterte om at dei har vore på kurs for tillitsvalde i Trondheim.

PF

Beredskapsordninga.

Arbeidstakersida uttrykte slitasje omkring beredskapsordninga, og at den ikkje er så økonomisk lukrativ som den ein gong var. Det er relativt lite godtgjering for å ha vakt, men desto meir ved uttrykking. Dette gjer at det er ugunstig økonomisk for dei som ikkje har uttrykkingar. Pf uttrykte at det for enkelte kanskje vil fungerer betre med delte veker med beredskap.

Arbeidsgjevar uttrykte at ein ikkje har fått andre tilbakemelding på at dette ikkje fungerer så godt. Arbeidstakersida etterlyst statistikk på tal uttrykkingar.

Arbeidstakersida uttrykte også eit ønske om at prostane i større grad tek kontakt med prestane etter endt beredskap, for å høyre korleis det har gått. Slik det fungerer no, må du sjølv ta kontakt med prostane om du har hatt ei krevjande vakt og treng «debriefing». I dag er det heller slik at prestane deler opplevingar seg i mellom om det som har skjedd.

Vikaravtalen og godtgjering for ekstra tenester utover ordinær stilling.

Det nye vikaravtalen frå 1. november 2020 sei at tilsette i full stilling ikkje kan godtgjerast for ekstra tenester utover full stilling. Tillitsvalde gav uttrykk for at prostane tolkar regelverket litt ulikt, og bad

om at saka vart tatt opp i neste prostemøte. Partane må snakke saman og få til ein og dialog om dette. Arbeidsgjevar har fått oversyn over all godtgjersle for eventuell overtid og enkelttenester for 2018, 2019 og 2020.

Livsfasepolitikk lokalt.

Arbeidstakersida bad om informasjon om kva arbeidsgjevar gjer i forbindelse med livsfasepolitikk lokalt.

Arbeidsgjevar svarte med at det nasjonalt er sett ned ei arbeidsgruppe. Dette er nesten dagleg tema i personalavdelinga der ein, i samarbeid med prostane, legg til rette for at prestane kan stå i tenesta så lenge som mogleg.

Tillitsvalde bad om at livsfasepolitikk vert sak på neste kontaktmøte.

Sak 30/20 Rekruttering til presteteneste i Møre bispedømme.

Orienteringssaka om «Prest under utdanning» med prosessdokument var orienteringssak under møte i bispedømmerådet denne veka. Same sakspapir var lagt ved i innkallinga til dette møtet.

Tillitsvalde stilte spørsmålsteikn ved om ikkje stillingane skal lysast ut når dei har vore vakant over lengre tid, sjølv om ein prestevikar i studieløp er i stillinga. Det vart og stilt spørsmålsteikn ved om ikkje stab, sokneråd og tillitsvalde i større grad bør involverast i tilsetting av vikarane.

Arbeidsgjevarsida svarta med at det er biskopen, etter innstilling frå prosten, som tilset prestevikarane på inntil eitt år etter at stillinga har vore lyst ut opptil fleire gonger. Arbeidsgjevar meinte difor at alt er gjort etter gjeldande personalreglement.

Ulike andre rekrutteringstiltak vart drøfta. Det vart mellom anna foreslått å ha ein eigen rekrutteringsdag saman med prostar og tillitsvalte til våren.

Sak 31/20 Lokal ordning for utgiftsdekning til databriller.

Vedlagt i saka var informasjon om gjeldande ordning for databriller som er å finn i Personalhandboka på Kyrkjebakken. Regelverket sei ikkje noko konkret om kva beløp arbeidsgjevar kan dekke, men at det skal dekke synsundersøking og databriller.

Tillitsvalde støtta administrasjonen sitt forslag om ein lokal norm der arbeidsgjevar dekker utgifter på inntil 4000 kroner kvart 4. år. Teologane meinte at beløpet bør verer høgare, og at det bør vere større grad av fleksibilitet.

Sak 32/20 Rekneskapsrapport per 30.09.20.

Totalt for heile drifta har Møre bispedømmeråd eit mindreforbruk på kr 2 775 000 pr. 30.09.2020. Dette er 5,1 % av tildelinga til drift. Mindreforbruket skuldast i all hovudsak vakante stillingar og mindre møte- og reiseverksemd på grunn av pandemien.

Det var fortsett semje blant tillitsvalde om å bruke mindreforbruket knytt til presteteneste til gode rekrutteringstiltak.

Sak 33/20 Årsplan og budsjett 2021.

Stiftsdirektøren orienterte om vedlagte årsplan og budsjett for 2021 som er i prosess og som berre er eit første utkast. Årsplana vart gjennomgått spesielt med blick på kapittelet om prestetenesta.

Arbeidsgjvarsida bad om signal frå tillitsvalde om det var andre tema ein bør ha meir fokus på i 2021, og fekk til svar at dei fortset ønsker at mindreforbruket må nyttast til gode rekrutteringstiltak. Det var elles forslag om at arbeidsgjevar kan dekke utgifter til gratis influensavaksine og trening i arbeidstida.

Sak 34/20 Evaluering av medbestemmelsen etter HA § 7-5.

Etter HA § 7-5 skal dei lokale partar møtast årleg for å evaluere medbestemmelsen. Dette for å bidra til å auke bevisstheit om samarbeidsrelasjonane som avtalen beskriv. Som eit utgangspunkt for evalueringa var referat frå alle kontaktmøta for 2020 lagt ved i saka.

Ein var einige om at tillitsvalde må kunne sende saker i god tid, slik at administrasjonen kan førebu sakene godt. På dette siste møtet i året, var det bra at RAMU var lagt til ein anna dato, då det gjerne er flest saker i slutten av året.

Pf gav vidare skryt til arbeidsgjevar for måten dei vart involvert på i koronatida. Pf fekk vere med på mange viktige møter på teams.

Sak 35/20 Møteplan for RAMU og kontaktmøte 2021.

Administrasjonen vil komme med forslag til datoar for 2021 på eit seinare tidspunkt. Inntil då kan tillitsvalde sende oss datoar som absolutt ikkje passar.

Sak 36/20 Orientering om Bispemøtesak 59/20, Ordinasjon og kollegafellesskap.

Sidan biskopen ikkje var til stades i møtet, hadde ho formulert eit eige skriv i saka:

Biskopen er den øvste leiaren av prestetenesta og har tilsynsansvar med denne. Prostane tek i vare arbeidsgjvars styringsrett overfor prestane og skal bidra til eit godt arbeidsmiljø. Bispemøtet har i denne saka vald å løfte fram at det også høyrer til biskopen sitt tilsynsansvar å sjå til at det er eit godt arbeidsmiljø i kyrkja.

Bispemøtet har fastsett at det skal gå ei direkte linje frå dei mannlege prestar, som har problem knytt til kvinners presteteneste, til biskopen slik at dette kan takast opp i ein samtale. Møre biskop har allereie starta ein slik praksis. Biskopen vil treffe nødvendige tiltak som forhindrar at kvinnelege prestar blir skadelidande.

Tillitsvalde tok saka til orientering og bad om at arbeidsgjevar tek omsyn til at kvinnelege prestar i utdanning ikkje vert plassert i stabar med mannlege prestar med eit konservativt syn på kvinnelege prestar.



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Elise Lindvåg Solemdal	421	20/00282-10	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
87/20	Møre bispedømmeråd 2020-2023	04.12.2020

Orienteringar til møte 04.12.2020

Vedlegg:

Oversiktskjema OVF-tildeling 2020
 Avtale om studenprest ved Høgskulen i Volda
 Ledige stillinger og delvis plan for tilsetting Møre 2020

Saksorientering

Vedlagt ligg orienteringa om

- Oversikt over OVF-tildelinga i 2020
- Avtale om studentprest ved Høgskulen i Volda
- Ledige stillingar i Møre bispedøme

Muntleg orientering får biskop og stiftsdirektør om koronasituasjonen i bispedømme.

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd tek orienteringa til vitande



Avtale om studentprest ved Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda og Møre bispedømmeråd inngår ein avtale om studentpresteteneste ved Høgskulen i Volda.

Møre bispedømme skal:

- Sørge for at prestane i Volda kan utføre studentpresteteneste ved Høgskulen i Volda innanfor rammene av deira arbeidstid og arbeidsoppgåver. Høgskulen skal kunne vite at ein prest er tilgjengeleg. Soknepresten i Volda, Kristian Myklebust, vert hovudkontakt for prestane i Volda. Alle prestane kan gjere teneste som studentprest, etter ei fordeling dei i mellom.
- Sørge for at prestane får høve til å delta på samlingar og kompetansehevande tiltak, saman med andre studentprestar i Noreg.
- Arbeide for at det på sikt kan etablerast ei prosentstilling som studentprest i Volda.

Høgskulen skal:

- Sørge for eigna rom for samtaler. Det er ein fordel om ein kan nytte ein kontorplass, til dømes saman med studenthumanisten.
- Arbeide for at studentprestetenesta vert kjent mellom tilsette og studentar, og involvere studentprestane i dei fora det er naturleg
- Gjennomføre eit årleg kontaktmøte mellom leiinga og studentprestetenesta

Denne avtalen bør evaluerast kvart andre år. Avtalen gjeld inntil vidare.

Volda 12.11.20

Odd Helge Mjelle Tonheim
Prorektor
Høgskulen i Volda

Molde, 12.11.20

Ingeborg Midttømme
Biskop
Møre bispedømmeråd

	Tilsettingsaker 2020	Saksnr.		Søknadsfrist	Tilsettingsdato	Tilsett
	Tresfjord og Vike sokn (e. Barstad)	19/05063	Sokneprest	18.12.20	23.01.20	Ellen Schjøtt
	Rådgjevar diakoni og kyrkjefag (e. TJØ)	19/05345	Rådgjevar	05.01.20	30.01.20	Eline Elnes Rabbevåg
	Rådgjevar personal (e. Bjørn)	19/05344	Rådgjevar	05.01.20	06.02.20	Lars Skagestad
	Giske og Vigra (e. Sakseid)	19/05152	Sokneprest	24.01.20	13.03.20	Benjamin Bjørnsen Anda
	Skodje (e. Berg)	19/05150	Sokneprest	15.01.20	08.06.20	Jan Løkkeborg
	Ellingsøy (e. Standal)	20/01092	Sokneprest	15.04.20	08.06.20	Ida Marie Weltzien
	Neset, Eresfjord, V.dal og E.dal (e. Due)	20/02046	Sokneprest	25.05.20	08.06.20	Andre Sjøvåg
	Bremsnes, Kvernnes og Kornstad (e. Hoem)	20/03202	Kapellan	15.08.20	11.09.20	Carina Møller
						Søkere
	Herøy (e. Leinebø)		Sokneprest	10.12.20	01.02.21	
9	Indre Herøy og Leikung (e. Dalsbø)	20/01680	Sokneprest	10.12.20	01.02.21	
	Ulstein (e. Kleiven)		Kapellan	15.01.21		
4	Voll og Vågstranda (e. Heggelund)		Sokneprest			
	Prestevikarer i studieløp			Tilsatt fra	Tilsatt til:	
	Arsvikariat Ørsta (fødselspermisjon)	20/02048		01.08.20	31.12.20	Sven Tore Relling
	Arsvikariat Ulstein (permisjon)	20/02047		01.08.20	31.07.21	Stine Margrethe Lerheim
	Hen, Eid og Holm sokn (e. Dahle)			01.07.20	30.06.21	Tommy Høgset
	Hustad fengsel (e. Møller)	19/04194		01.08.20	30.06.21	Karl McAllister
	Edøy, Brattvær og Hopen (e. Joh.			01.07.20	30.06.21	Leif Ole Torske Husfest
	Midsund (e. Barlaup)	19/03040		01.07.20	30.06.21	Heidi Kristin Fagersand
4	Voll og Vågstranda (e. Heggelund)	19/04779		20.10.20	16.12.20	Leif Peder Oma
5	Stranda og Sunnlyven (e. Flø)	19/02901		21.07.20	20.07.21	Jakob Skovgård Højlund
	Ålesund og Volsdalen (Friheden fødselsp.)			19.08.20	18.08.21	Gunnhild Bremer
7	Vågøy og Myrbostad (e. Gjære)	19/03039		01.09.20	31.08.21	Björg Myhre
	Nordre Sunnmøre prosti			17.08.20	16.08.21	Audun Askim
3	Valderøy (etter Sjøvåg)	20/02954		Aug-2021.		Anita Hagerup
2	Kristiansund (e. Øvrebø)	20/03441		01.01.21	31.12.21	Line-Merethe Eide Nordhagen
1	Frei (e. Kulø)	20/01679		01.01.21	30.06.21	Lynn Brakstad
	Lyses ut om kort tid etter avtale med prosten					
	Sande (e. Bjerkvik)					
	Stordal og Liabygda	19/02900	Sokneprest			
	Stillinger på vent					
	Sandøy (e. Riste)		Sokneprest			Finn A. Roaldsnes fra 2020

Oversikt OVF- og korona-søknadar 2020

Oversikt over OVF-søknader hittil i 2020.

Tildelingsbrevet gav kr. 502.000 i OVF-tilskot.

Møre bispedømme gjorde vedtak om å stille kr. 200.000 til disposisjon for koronatiltak i kyrkjelydane. Administrasjonen har finansiert bispedømerådet sitt vedtak ved å stille midlane til disposisjon gjennom øyremerka bruk av OVF-tilskotet.

I tillegg er det i budsjettet sett av om lag kr. 70.000 til øyremerka tiltak/prosjekt.

På same tid er deler av lønskostnadane til rådgivar misjon (ca 250.000) ikkje lenger finansiert gjennom deler av OVF-tilskotet.

Ein står då tilbake med noko over kr. 200.000 i tilskot til OVF-prosjekt. Under er to tabellar, ein for koronasøknader og ein frå ordinære OVF-prosjektsøknader. Som ein ser har ein gitt korona-tilskott på meir enn avsett sum. Vidare er talet på ordinære OVF-prosjektsøknadar redusert, hovudsakeleg grunna koronapandemien. Ved tildeling har ein lagt vinn på å ikkje tildele meir enn totalsummen ein har til rådvelde på budsjett, medan ein ikkje har skilt så mykje i om søknaden har vore søknad til koronatiltak eller søknad til andre prosjekt.

OVF-søknadar

Søkjjar	Tiltak	Budsjett	Søknads- sum	Inn- stilling	tildeling	Rapport
Borgund sokn	Pasjonsmusikk i Borgund kyrkje	150.00	10.000		0*	
Averøy fellesråd	Kingdom builders lederkurs	291.000	100.000		0*	
Vartdal sokn	piano til trusopplæring, Vartdal kyrkje	100.000	30.000	20.000	20.000	
Venneforeninga Rosvoll prestegård	Oppgradering av kjøken	346.078	40.000	15.000	15.000	
Vågøy og Myrbostad sokn	Salmekveld i Vågøy kyrkje	55.000	20.000	10.000	10.000	
Bjørke sokn	Støtte til 100-jub Bjørke kyrkje	67.000		10.000	10.000	
Kornstad sokn	Landstadkonsert og kyrkjejubileum	23.000		8.000	8.000	
Romsdal sogelag	Bokprosjektet «Kyrkjene i Romsdal»		50.000	30.000	30.000	
Rauma fellesråd	«Sårbarhetens kraft» - Kulturkveld med Per Arne Dahl	15.000	7.500	7.500	7.500	
KFUK/KFUM Møre og Romsdal	4 regionale gudstenester for ungdom og unge vaksne	50.000+at	50.000	20.000	20.000	
Totalt					120.500	

Postane som er merka med * er søknader som er komme i 2020, men på grunn av koronapandemien er ikkje prosjekta realisert og midlane er ikkje overført.

Korona- søknadar

Søklar	Tiltak	Bud-sjett	Søknads-sum	Inn-stilling	Tildeling	Rap-port
Fellesråd Giske	Opptak/livesending av enkle gudstenester, andakt,	12 000	12 000	12 000	12.000	
Harøy sokn	Sending av kransепålegging og arr. i kyrkja i høve 17/5	28 130	28 130	8 000	8.000	
Ålesund og Volsdalen sokn	Videoproduksjon Ålesund kirke	134 000	70 000	15 000	15.000	
Hareid sokn	Kristen kulturformidling i- og etter pandemitida	37 376	37376	20 000	20.000	X
Spjelkavik sokn	Video og live-streaming satsing i Spjelkavik menighet	32 384	15 000	20 000	20.000	
Kristian-sund sokn	Utstyr til opptak av gudstjenester og skjerm til salmer	36016	28016	20 000	20.000	
Molde	Innkjøp av utstyr tilpodcast og video	30000	20000	10 000	10.000	
Sykkylven	KyrkjeTV	81 500	71500	15 000	15.000	
Storfjorden	Filmutstyr til opptak gudst., konf.arb. og trusopplæring	62 100	40000	15 000	15.000	
Sula	Digital satsing	36 800	22000	15 000	15.000	
Ulstein	Produksjon av digitalt innhald til undervisning, leir og gudst.	157 351	30000	15 000	15.000	
Kristian-sund sokn	Filmgudst., ungdomsaktiviter og konfirmantoppgaver digitalt	18 862	18 862	10 000	10.000	
Molde	DriveIN- gudst.	Ca 41 000	16 379.50	16 379.50	16.379.50	
FjordCadenza	Kyrjekonsertar i alle Ålesundskyrkjene	445 000	200 000	40 000, 30 000 ovf-tilskot	10.000	
Midsund sokn	Kamera for digitale opptak/ streaming av gudstjenester og legging av fiber til Otrøy kirke	77 558	12 000	10 000	10.000	
Ørsta Fellesråd	Digital kyrkje	58.500	38.500	15.000	15.000	
Hustadvika fellesråd	Utvikling strømming i Hustadvikas menigheter	50.000	50.000	15.000	15.000	
Sunddal fellesråd	Strømming av 4 gudstjenester	18.804	17.646	10.000	10.000	
Ålesund og Volsdalen	Digital trosopplæring	24.295	9.295	8.000	8.000	
Totalt					259.379.50	